



# PLAN FOR LESE- OG SKRIVEOPPLÆRING

## GRUNNSKULEN

### I SELJORD KOMMUNE



Revidert 2016-2018



## Innhald

Innleiing	s. 3
Lese- og læringsstrategiar	s. 4
Lese- og skriveteori	s. 4
Leseteori – nokre enkle modellar	s. 5
Normalutvikling for 1.-7.klasse	s. 7
Lesefart	s. 8
Lesing som grunnleggjande ferdigheit i ulike fag, L-06,Udir	s. 9
Skrivning som grunnleggjande ferdigheit i ulike fag, L-06, Udir	s. 11
Skrivestrategiar	s. 13
Læringsstrategiar – Plan for bruk av læringsstrategiar i Seljord	s. 14
Sirkelen for undervisning og læring	s. 15
Lese- og skriveopplæring på småskulesteget	s. 16
Mål for lese- og skriveopplæring på 1. steg	s. 17
Mål for lese- og skriveopplæring på 2. steg	s. 19
Mål for lese- og skriveopplæring på 3. steg	s. 21
Mål for lese- og skriveopplæring på 4. steg	s. 23
Lese- og skriveopplæring på mellomsteget	s. 24
Mål for lese- og skriveopplæring på 5.-7. steg	s. 26
Lese- og skriveopplæring på ungdomsteget	s. 28
Mål for lese- og skriveopplæring på 8.-9. steg	s. 30
Tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar	s. 33
Vedlegg 1: Reglar for deling av stavingar	s. 39
Vedlegg 2: Vokalsongen	s. 40
Vedlegg 3: Ord med ei eller fleire stavingar	s. 41
Vedlegg 4: Stavingskjema	s. 42
Vedlegg 5. Ordanalyseskjema	s. 43
Vedlegg 6: Døme på repetert lesing	s. 44
Litteraturliste	s. 45
Oversikt over aktuelle nettstader	s. 47

# Innleiing

Læreplanen for grunnskulen og vidaregåande opplæring, Kunnskapsløftet, byggjer på at alle elevane skal tileigne seg grunnleggjande dugleik som å kunne lese, rekne, uttrykke seg munnleg, uttrykke seg skriftleg samt å kunne bruke digitale verktøy.

Plan for lese- og skriveopplæring i Seljord kommune skal sikre at elevane får ei god opplæring i lesing og skriving. Planen skal vere eit hjelpemiddel for læraren og skulen i arbeidet med å utvikle elevane til å bli gode lesarar og tekstskaparar.

Målet med planen er at undervisninga skal vere heilskapleg og sikre god fagleg progresjon.

Det er viktig å presisere at denne planen dekkjer berre måla for lese- og skriveopplæringa. Det er ikkje ein plan for norskfaget!

Arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving skal jobbast med i alle fag, og alle lærarar har eit ansvar for god undervisning i lesing og skriving.

Dei grunnleggjande ferdigheitene skal integrerast i alle fag på alle nivå.

Nynorsk er hovudmålet i Seljord, og det må kome til uttrykk gjennom val av litteratur, forfattarar, arbeidsmateriell og læremidlar.

Planen byggjer på *Plan for språkstimulering i barnehagane i Seljord*, og trekker viktige prinsipp om språkstimulering vidare frå førskulealder og opp i skulestega. Lokalt kulturstoff vil vere ein viktig del av fagstoffet også i skulen.

Den fyrste lese- og skriveopplæringa har stått i fokus gjennom lang tid, men den *andre og tredje* leseopplæringa er like viktige for at barn og unge skal få fullt utbytte av arbeid med tekst. Når lesekode er knekt, er det tid for nye utfordringar. Då skal den nye dugleiken bli utvikla for å lese for ulike formål, både oppleving og læring. Å arbeide med lesestrategiar blir difor viktig slik at elevane lærer å skilje mellom ulike teksttypar og måten å lese på. Ein fullt utvikla tekstkompetanse inneber m.a. evne til å kunne lese bilete og digital tekst.

Planen skal gje føringar for arbeidet med språkstimulering og all lese- og skriveopplæring i heile grunnskulen.

Planen gjev og føringar for arbeidet med kartlegging og registrering av språk- og leseutvikling, førebygging av språkvanskar og hjelpetiltak på ulike nivå.

Kommunen har ein eigen plan for arbeidet med kartlegging. Denne blir revidert i 2018.

Kommunen har og ein eigen plan for læringsstrategiar. Denne er og revidert i 2017-18, og er ein del av dette dokumentet.

Prinsipp om tilpassa opplæring er eit viktig grunnlag for å forstå planen; elevane skal oppleve meistring og få lese- og lærestoff på sitt eige nivå. Nivåforskjellane blant elevane på stega blir tydelegare etterkvart, og det er nødvendig å ha sterkt fokus på TPO og individualisering, både for dei sterke og svake lesarane, uavhengig av klassesteg.

Vi har valt å ha ein del til slutt i planen om tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar.

Planen er sett inn i ein fagperm for alt pedagogisk personell i grunnskulen i Seljord. Målet er at alt av verktøy og hjelpemidlar blir digitalisert i læringsplattforma vår.

Det er viktig at planen blir gjennomgått og drøfta kvar haust. Dessutan må skulane gjennomgå materiell og verktøy jamleg slik at alle kjenner til dei hjelpemidlane som skulen har, dette ikkje minst med tanke på nye i personalet.

Planen blei fyrste gang justert hausten 2013. Då blei revidert læreplan i norsk lagt inn i planen. Når no planen blir revidert i 2016-18, har vi valt å ta bort læreplandelen. Læreplanen for skulen er under revidering, og difor kan vi rekne med å måtte revidere og tilpasse planen vår i løpet av eit par år.

Sidan siste revidering har det vore mykje fokus på grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving, og skulane i Seljord har endra praksis på fleire område innanfor arbeidet med lese – og skriveopplæring. Barneskulane har lagt om til heilskapleg leseopplæring etter Spangereid-modellen, ungdomsskulen valde lesing som satsingsområde i Ungdomstrinn i utvikling. Alle skulane skal etter kvart byrje å arbeide med Språkløyper, det store kompetanseløftet til Udir, og vi har og starta eit arbeid med å bli godkjend som Dysleksivennleg skule.

## Lese- og læringsstrategiar

Lesing er dugleik som er under utvikling heile livet, heilt frå barnet har forstått det alfabetiske prinsippet eller har ”knekt lesekode” som vi ofte seier, til lesing blir ein automatisert dugleik og eit læringsverktøy for lesaren. Fyrst lærer barnet å lese, deretter les barnet for å lære.

Fleire faktorar er sentrale i leseutviklinga. På den eine sida er lesing ein teknisk dugleik, ein avkodingsdugleik som skal lærast og meistrast. På den andre sida har lesing ein språkleg komponent der språkleg dugleik og bakgrunnskunnskapar sikrar at lesaren forstår kva teksten handlar om. Men i tillegg til desse to faktorane **avkoding og forståing**, er godt utvikla lesedugleik også eit spørsmål om korleis lesaren meistrar å **organisere kunnskapane**.

Målet er at lesing skal utvikle seg til å bli eit verktøy for kunnskapstileigning.

Ein dyktige lesar har utvikla god innsikt i eiga lesing. Lesaren vel lesemane alt etter kva for eit formål lesinga har. Lesaren er reflektert, er medveten om kva han/ho forstår og ikkje forstår, og ny kunnskap blir mellom anna kopla saman med elevens eigen bakgrunnskunnskap. For at dette skal lykkast, må eleven ha utvikla gode **lese- og læringsstrategiar** som lettar arbeidet med å organisere kunnskapane. Meistring av ulike lesestrategiar hjelper elevane til å bruke varierte lesestrategiar for å lese ulike typar tekstar i ulikt tempo, og læringsstrategiar er framgangsmåtar elevane brukar for å organisere eiga læring, strategiar for å planlegge, gjennomføre og vurdere eige arbeid.

I følge Kunnskapsløftet skal elevane kunne velje formålstenlege lese- og læringsstrategiar. Det vil seie at elevane må få undervisning og trening i å tileigne seg gode lese- og læringsstrategiar.

## Lese- og skriveteori

Å lære barn å lese er skulen si viktigaste oppgåve. For å lære å lese, må barna forstå nytten og oppleve gleden ved lesing. God lesedugleik opnar vegar inn til kultur, litteratur og kunnskap på alle fagfelt. I tillegg opnar det vegen til større valfridom når det gjeld utdanning og framtidige yrkesval.

Ein enkel definisjon av lesing er *lesing = avkoding x forståing x motivasjon*.

Kåre Kverndokken, Høgskulen i Vestfold, har lagt inn ein dimensjon i tillegg til avkoding og forståing og motivasjon, nemleg *empati*. I dette ligg det ei forståing av at å vere ein reflektert lesar, krev innleving og evne til å leve med i teksten.

Lesing og skriving byggjer på dagleg tale. Forståing av kva ord, bokstavar og lydar er, kan bli styrka av leikeskriving. Eksperimentering med skriving kan gje barna behov for å vite korleis dei ulike lydane og deira bokstav skal skrivast. Når barn byrjar å skrive, seier dei ordet og høyrer samstundes lydane i ordet. Dette gir den fyrste forståinga av at kvar lyd har eit teikn. Den same forståinga treng dei for å lære å lese. Lese- og skriveopplæringa må gå parallelt, slik at utviklinga på dei eine området forsterkar og utvidar utviklinga på det andre området.

Leseopplæring er ikkje berre begynnaropplæring. Målet med begynnaropplæringa er at elevane skal utvikle flytande lesing, slik at dei etter dei fyrste skuleåra skal ha lært seg å lese reint teknisk. Den andre og tredje leseopplæringa inneber at skulen også skal undervise elevane i å bruke ulike lesestrategiar til ulike typar tekstar, kritisk vurdering av tekstar, sjangerkunnskap og ikkje minst å tilegne seg kunnskap frå tekstar dei les.

**Dette betyr at lese og skriveopplæringa skal gå føre seg gjennom heile grunnskulen, i alle fag, og alle lærarar er lese- og skrivelærarar!**

## Leseteori- nokre enkle modellar

### Bakgrunnsfaktorer

Sanser      Konsentrasjon      Evner      Bevegelse      Sosial  
*persepsjon   oppmerksomhet   Kognisjon   Motorikk   virkelighet*



# Barn si leseinnlæring fylgjer ei trinnvis utvikling

## Stadium i lese – og skriveutvikling

Lese- og skriveutvikling følgjer same utviklingsveg, men skriveutviklinga er lettare å observere og kjem utviklingsmessig fyrst. Utviklinga er stort sett lik frå barn til barn, men det kan variere når barna er i dei ulike fasane.

### LESEUTVIKLING

#### **Logografisk lesing:**

Barnet kjenner att ein den visuelle eller grafiske forma på ein del ord. Døme: kan vere eige namn eller kjende logoar, t.d. Coca Cola eller Mc Donalds. Logografisk lesing har ingen ting med ”ekte” lesing å gjere, og barnet er enno langt frå å knyte bokstavar til lydar.

#### **Fonologisk lesing:**

Barnet har knekt lesekode og forstår det alfabetiske prinsippet. Barnet les sakte og artikulerar kvar lyd tydeleg medan det les.

#### **Ortografisk lesing:**

Barnet har etter kvart opparbeidd kunnskap om skrivemåten til ein del ord. Ikkje-lydrette og høgfrequente småord som jeg, om, som o.l. blir lese som dei blir sagt, og ikkje i samsvar med skrivemåten.

#### **Spesialisert /fleksibel ortografisk lesing:**

Eleven skiftar strategi etter behov. Nye, lange og ukjende ord blir lese fonologisk, medan dei fleste orda er så godt kjende at dei blir avkoda meir eller mindre direkte. Eleven utviklar og lesestrategiar som passar til ulike føremål. Døme er såkalla skumlesing.



### SKRIVEUTVIKLING

#### **Leikeskriving:**

Barnet etterliknar skrift og teikningane barnet lagar inneheld ofte symbol som liknar skriftteikn. Etter kvart kan barnet skrive lange rekker av bokstavar. Barnet har enno ikkje forståinga av at bokstavane representerer lydar.

#### **Logografisk skriving:**

Barnet kan skrive enkelte namn etter minnet. Barnet har etablert minne om den grafiske forma til enkelte ord, men har ikkje knekt koden for samanheng mellom bokstav og lyd.

#### **Fonemorientert skriving:**

Enkeltlydar er fonologisk rett skrive. Barnet prøvar å skrive ord, men klarar berre å identifisere nokre av lydane og skriv berre vilkårlege bokstavar.

#### **Fonologisk skriving:**

Barnet meistrar samanhengen mellom lyd og bokstavteikn og arbeider aktivt med lydanalysen medan det skriv. Orda blir skrivne lydrett og utan omsyn til ortografiske reglar.

#### **Ortografisk skriving:**


Barnet gjengir tale på automatisert måte og tek også omsyn til spesielle ortografiske forhold. Barnet nyttar andre strategiar enn reint fonembaserte.

(Spear-Swerlinge, Sternberg, 1994)

## Normalutvikling for 1. –7. klasse

### Lesetrappa

Frå ”Lese og skriveopplæring i grunnskolen”,  
Gerd B. Salen



Pilene symboliserer lesing som ein prosess, og at det finst overgangslesarar på alle steg i trappa.

Forklaring av lesetrappa bygger på Gerd B. Salen si bok. Ein viser til denne for ei meir utførleg forklaring og utdjujing.

### 1. klasse (steg 1) Respons og aktiv deltaking

Førebuande lese- og skriveopplæring blir eit viktig stikkord på dette steget. Elevane skal vere aktive deltakarar og skal i tråd med læreplanen møte bokstavane. Førsteklassingen må i løpet av året sjå og gjenkjenne bokstavane. Barn som interesserer seg for leseaktivitetar må ikkje bremsast, men får tilpassa opplæring.

### 2. klasse (steg 2) Multimethodisk utforsking

Elevane lærer dei grunnleggjande dugleikane som skal til for å meistre leseprosessen. Elevane skal lære og kunne bokstavane (lydar og grafem) og knekke lesekode. Automatisering av banda mellom lyd og bokstav finn stad, og dei trekkjer lydar saman til ord.

### 3. klasse (steg 3) Sosial prosess

Elevane tek til å gjenkjenne fleire ord og les raskare. Dei forstår i større grad innhaldet i tekstane og opplever meistring. Det blir viktig med opplegg som stimulerer og gjev leselyst for alle. Ein kan



oppleve stor spreiding i elevflokken, og det er viktig å ha strategiar og opplegg som gir alle elevane gode høve til utvikling.

#### **4. klasse (steg 4) Lesemeistring**

Overgangen mellom 3. og 4. klasse er i følgje Salen ein periode som kan vere kritisk i høve til sjølvbilete og skularbeid.

Dei fleste har fått opp lesefart og flyt, og ein må vere spesielt merksam på elevar som har ein lesefart under 50 ord i minuttet. Desse kan fort kome inn i ein vond sirkel der manglande lesefart gir manglande leselyst med det resultatet at ein unngår lesetrening.

#### **5./6. klasse (steg 5) Eigenaktivitet og fordjuping**

Perioden er prega av utprøving og fordjuping i leseprosessen. Differensiering, innføring og bruk av ulike lesestrategiar er viktig for å sikre tilpassa opplæring. Elevane tek til å lese for sin eigen del, og bør ha ein lesefart på minimum 80 ord i minuttet. Tilstreккеleg lesefart blir avgjerande for fagleg og personleg framgang, og lærebøkene på mellomsteget krev dyktige lesarar. Gutane må gjerne motiverast ekstra godt i denne perioden.

#### **7. klasse (steg 6) Lese for å lære**

Lesing blir reiskap for å oppleve, oppdage og lære. Elevane les for ulike føremål, og gode lesarar liker å lese. Elevar som har ein lesefart på 160 ord i minuttet, har alle høve til å lukkast med skulefaga.

Frå Plan for lese- og skriveopplæring, kommunane Nesset, Vestnes og Rauma

## **Lesefart**

Lesefart er avhengig av kor komplisert teksten er. Men Carl Thomas Carlsten har likevel foreslått retningsgjevande normer for lesefart ulike steg. Likeeins er det i Hoa leseprøver normer for lesefart.

Carlstens leseprøver, lærarrettleiinga, definerer aldersadekvat lesefart etter fylgjande kriterium:

- 3. steg: 25 - 50 ord pr. minutt, kritisk grense: 25 ord pr. minutt, 20 % feil
- 4. steg: 50 - 85 ord pr. minutt, " " : 50 ord pr. minutt, 20 % feil
- 5. steg: Kritisk grense: færre enn 80 ord pr. minutt - 15% feil
- 6. steg : " " 80 " " 15 % feil
- 7. steg: " " 80 " " 15 % feil

Hoa leseprøver, lærarrettleiinga, definerer aldersadekvat lesefart etter fylgjande kriterium:

- 3. steg bør vere over 25 ord per minutt, maks 15 % feil
- 4. steg " 50 " "
- 5. steg " 70 " "
- 6. steg " 80 " "
- 7. steg " 100 " "

# **Lesing som grunnleggjande ferdigheit i ulike fag**

**Frå L 06, Utdanningsdirektoratet, januar 2018**

## ***Lesing som grunnleggjande ferdigheit i norsk***

*Å kunne lese i norsk er å skape mening fra tekster fra nåtid og fortid i et bredt utvalg sjangere. Det innebærer å engasjere seg i tekster og få innsikt i andre menneskers tanker, opplevelser og skaperkraft.*

*Det innebærer videre å kunne finne informasjon og forstå resonnementer og framstillinger i ulike typer tekster på skjerm og papir, og å kunne forholde seg kritisk og selvstendig til de leste tekstene. Utviklingen av leseferdigheter i norskfaget forutsetter at elevene leser ofte og mye, og at de arbeider systematisk med lesestrategier som er tilpasset formålet med lesingen, og med ulike typer tekster i faget. Utviklingen går fra grunnleggjende avkodning og forståelse av enkle tekster til å kunne forstå, tolke, reflektere over og vurdere stadig mer komplekse tekster i ulike sjangere.*

## ***Lesing som grunnleggjande ferdigheit i engelsk***

*Å kunne lese i engelsk er å kunne skape mening ut fra ulike typer tekster. Det betyr å lese engelskspråklige tekster for å forstå, reflektere over og tilegne seg innsikt og kunnskap på tvers av kulturer og fagfelt. Det innebærer videre å forberede, utføre og bearbeide lesing av engelskspråklige tekster til forskjellige formål, og av varierende lengde og kompleksitet. Utvikling av leseferdigheter i engelsk er å ta i bruk lesestrategier tilpasset formålet med lesingen i stadig mer krevende tekster. Videre innebærer det å lese engelskspråklige tekster med flyt og forståelse, og utforske, drøfte, lære av og reflektere over ulike typer informasjon.*

## ***Lesing som grunnleggjande ferdigheit i matematikk***

*Å kunne lese i matematikk inneber å forstå og bruke symbolspråk og uttrykksformer for å skape mening i tekstar frå daglegliv og yrkesliv så vel som matematikkfaglege tekstar. Matematikkfaget er prega av samansette tekstar som inneheld matematiske uttrykk, grafar, diagram, tabellar, symbol, formlar og logiske resonnement. Lesing i matematikk inneber å sortere informasjon, analysere og vurdere form og innhald og samanfatta informasjon frå ulike element i tekstar. Utvikling i å lese i matematikk går frå å finne og bruke informasjon i tekstar med enkelt symbolspråk til å finne mening og reflektere over komplekse fagtekstar med avansert symbolspråk og omgrepsbruk.*

## ***Lesing som grunnleggjande ferdigheit i naturfag***

*Å kunne lese i naturfag er å forstå og bruke naturfaglige begreper, symboler, figurer og argumenter gjennom målrettet arbeid med naturfaglige tekster. Dette innebærer å kunne identifisere, tolke og bruke informasjon fra sammensatte tekster i bøker, aviser, bruksanvisninger, regelverk, brosjyrer og digitale kilder. Lesing i naturfag inkluderer kritisk vurdering av hvordan informasjon framstilles og brukes i argumenter, blant annet gjennom å kunne skille mellom data, antakelser, påstander, hypoteser og konklusjoner. Utviklingen av leseferdighet i naturfag går fra å finne og bruke uttrykt informasjon i enkle tekster til å forstå tekster med stadig flere fagbegreper, symboler, figurer, tabeller og implisitt informasjon. Kravet til kritisk lesing og evne til å identifisere relevant informasjon og vurdere kilders*

*troverdighet øker, fra å kunne bruke tilrettelagte kilder til å kunne innhente og sammenligne informasjon fra ulike kilder og vurdere relevansen.*

### **Lesing som grunnleggende ferdighet i samfunnsfag**

*Å kunne lese i samfunnsfag inneber å utforske, tolke og reflektere over faglege tekstar for å forstå eige og andre samfunn og andre tider, stader og menneske. Det inneber òg å kunne behandle og bruke informasjon frå bilete, film, teikningar, grafar, tabellar og kart, og å gjere målretta informasjonssøk, kritisk vurdering og medvitne val og bortval av kjelder. Utvikling av leseferdighetene i samfunnsfag inneber gradvis oppøving, frå forståing av tekst og visuelle framstillingar, gjennom tolking og vurdering til utvikling av strategiar for kritisk kunnskapstileigning. Lesing for informasjonsinnhenting og kritisk lesing av kjelder tek til med å finne informasjon i enkle, tilrettelagde kjelder og å vurdere om informasjonen er nyttig. Seinare kjem oppøving av evna til å gjere eigne informasjonssøk, samanlikne informasjon frå ulike kjelder og kritisk vurdere deira relevans, truverd og formål.*

### **Lesing som grunnleggende ferdighet i KRLE**

*Å kunne lese i KRLE innebærer å oppleve og forstå tekster. Lesing brukes for å innhente informasjon, tolke, reflektere over og forholde seg saklig og analytisk til fortellinger og fagstoff i så vel tradisjonell som multimedial formidlingsform.*

### **Lesing som grunnleggende ferdighet i kroppsøving:**

*Å kunne hente, tolke og forstå informasjon fra fagspesifikke tekster. Det gir grunnlag for å vurdere viktige sider ved arbeidet i faget. Lesing handler også om å tolke kart og forstå symbol (LK06).*

### **Lesing som grunnleggende ferdighet i musikk:**

*Å kunne lese i musikk beskrevet som å kunne tolke og forstå ulike musikalske uttrykk, symboler, tegn og former for notasjon.*

*Evne til å konsentrere seg over tid er en viktig forutsetning for lesing. Gjennom lytting, musisering og tolkning av musikalske uttrykk og symboler gir musikkfaget viktige bidrag til dette.*

*Lesing av tekster vil være av betydning som grunnlag både for ens egen komponering og som en kilde til refleksjon.*

### **Lesing som grunnleggende ferdighet i Kunst og handverk:**

*Å kunne lese i kunst og håndverk dreier seg blant annet om å kunne tolke tegn og symboler og om å få inspirasjon til skapende arbeid. Visuell kommunikasjon gjennomsyrrer faget og bidrar til utvikling av tekstforståelse. For å nyttiggjøre seg informasjon og unngå å bli lurt av visuell retorikk er det viktig å kunne lese og forstå ulike tekstuttrykk. Tolkning av diagrammer og andre visuelle representasjoner, som for eksempel bruksanvisninger og arkitekttegninger, danner grunnlag for viktige beslutninger (LK06).*

## **Skriving som grunnleggjande ferdigheit i ulike fag**

### ***Skriving som grunnleggjande ferdigheit i norsk***

*I Kunnskapsløftet er det å kunne skrive i norsk beskrevet som å kunne uttrykke seg i norskfaglige sjangere på en hensiktsmessig måte. Det vil si å kunne skrive teksttyper som er relevante for faget, og å kunne ta i bruk norskfaglige begreper.*

*Å skrive i norskfaget er også en måte å utvikle og strukturere tanker på og en metode for å lære. Norskfaget har et særlig ansvar for å utvikle elevenes evne til å planlegge, utforme og bearbeide stadig mer komplekse tekster som er tilpasset formål og mottaker.*

*Utviklingen av skriftlige ferdigheter i norskfaget forutsetter systematisk arbeid med formelle skriveferdigheter, tekstkunnskap og ulike skrivestrategier. Det innebærer å kunne uttrykke seg med stadig større språklig sikkerhet på både hovedmål og sidemål.*

### ***Skriving som grunnleggjande ferdigheit i engelsk***

*Å kunne skrive i engelsk er å kunne uttrykke ideer og meninger på en forståelig og hensiktsmessig måte ved å bruke det engelske skriftspråket. Det betyr å planlegge, utforme og bearbeide tekster som kommuniserer, og som har god struktur og sammenheng. I tillegg er skriving et redskap for språklæring.*

*Utvikling av skriveferdigheter i engelsk innebærer å lære rettskriving og utvikle et økende repertoar av engelske ord og språklige strukturer. Videre innebærer det å utvikle en allsidig kompetanse i å skrive ulike typer generelle, litterære og faglige tekster på engelsk ved bruken av uformelt og formelt språk, tilpasset formål og mottaker.*

### ***Skriving som grunnleggjande ferdigheit i naturfag***

*Å kunne skrive i naturfag er å bruke naturfaglige tekstsjangere til å formulere spørsmål og hypoteser, skrive planer og forklaringer, sammenligne og reflektere over informasjon og bruke kilder hensiktsmessig. Det innebærer også å beskrive observasjoner og erfaringer, sammenstille informasjon, argumentere for synspunkter og rapportere fra feltarbeid, eksperimenter og teknologiske utviklingsprosesser. Skriveprosessen fra planlegging til bearbeiding og presentasjon av tekster innebærer bruk av naturfaglige begreper, figurer og symboler tilpasset formål og mottaker. Utviklingen av skriveferdigheter i naturfag går fra å bruke enkle uttrykksformer til gradvis å ta i bruk mer presise naturfaglige begreper, symboler, grafikk og argumentasjon. Dette innebærer å kunne skrive stadig mer komplekse tekster som bygger på kritisk og variert kildebruk tilpasset formål og mottaker.*

### ***Skriving som grunnleggjande ferdigheit i matematikk***

*Å kunne skrive i matematikk inneber å beskrive og forklare ein tankegang og setje ord på oppdagingar og idear. Det inneber å bruke matematiske symbol og det formelle matematiske språket til å løyse problem og presentere løysingar. Vidare vil det seie å lage teikningar, skisser, figurar, grafar, tabellar og diagram som er tilpassa mottakaren og situasjonen. Skriving i matematikk er ein reiskap for å utvikle egne tankar og eiga læring. Utvikling i å skrive i matematikk går frå å bruke enkle uttrykksformer til gradvis å ta i bruk eit formelt symbolspråk og ein presis fagterminologi. Vidare går utviklinga frå å beskrive og systematisere enkle situasjonar med matematikkfagleg innhald til å byggje opp ein heilskapleg argumentasjon omkring komplekse samanhengar.*

### **Skriving som grunnleggende ferdighet i KRLE**

Å kunne uttrykke seg skriftlig i KRLE innebærer å kunne uttrykke kunnskaper om og synspunkter på religion og livssyn, etikk og filosofi. Skrivning klargjør tanker, erfaringer og meninger og er en hjelp til å tolke, argumentere og kommunisere. Skrivning i KRLE innebærer også å møte ulike estetiske skriftuttrykk og gjøre bruk av dem.

### **Skriving som grunnleggende ferdighet i fremmedspråk**

Å kunne uttrykke seg skriftlig og muntlig i fremmedspråk er sentralt i utviklingen av kompetanse i fremmedspråket og går igjen i kompetansemålene for begge trinn. Disse ferdighetene er viktige redskaper i arbeidet med å forstå og ta i bruk det nye språket i stadig mer varierte og krevende sammenhenger på tvers av kulturer og fagfelt. Muntlige ferdigheter innebærer både å kunne lytte og å kunne tale.

### **Skriving som grunnleggende ferdighet i de praktisk estetiske fagene**

I Kunnskapsløftet innebærer det å kunne skrive å uttrykke seg skriftlig i kunst og håndverk blant annet å uttrykke seg visuelt ved hjelp av tegn og symboler. Utvikling av skriftlig og visuell kompetanse skjer ved å omsette fakta, ideer og holdninger til tegn. For å opprettholde den visuelle ferdigheten parallelt med utviklingen av skriveferdigheten er bevisst og allsidig arbeid med tegning like viktig på alle trinn.

I Kunnskapsløftet innebærer det å kunne uttrykke seg skriftlig i musikk blant annet bruk av ulike former for notasjon. Dette er nødvendige verktøy både som støtte til musikalske forløp, som ledd i improvisasjons- og lytteøvelser og for å kunne nedtegne og ta vare på egenkomponert musikk og dans. Skrivning benyttes også til å eksperimentere med språklig rim, rytme og klang og til å formidle musikalske opplevelser, ideer og formuttrykk og å reflektere over kunnskap i faget.

I Kunnskapsløftet inneber det å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg i mat og helse mellom anna å gjere greie for smak, lukt og estetikk. Innsikt i fagstoff er knytt til munnlege presentasjonar og skriftleg arbeid. I samband med måltidssituasjonar blir kommunikasjon gjennom samtalar viktig.

Munnlege ferdigheiter i faget mat og helse er knytte til det å gjere greie for praktiske problem og formulere spørsmål, og til det å argumentere og kommunisere idear i faget i samtale med andre. Skriftlege ferdigheiter kan vere å skrive egne oppskrifter og framgangsmåtar, lage invitasjonar og illustrasjonar og vurdere aktivitetar.

I Kunnskapsløftet handlar det å kunne skrive i kroppsøving primært om skriftlege framstillingar av aktivitet og vurdering av aktiviteten. Det er mest relevant på høgare årssteg.

# Skrivestrategier

FØRSKRIVINGSFASEN	SKRIVEFASEN	REVISJONSFASEN	SLUTTFØRINGSFASEN
<ul style="list-style-type: none"><li>• avkode oppgave-teksten</li><li>• klargjøre skrive-situasjonen, formål og mottaker</li><li>• sette mål og vurderings-kriterier for skrivearbeidet</li><li>• bruke strategier for idémyldring</li><li>• aktivere bakgrunns-kunnskap ved å notere eller tenkeskrive</li><li>• bruke lesestrategier for å innhente informasjon og bygge kunnskap om emnet</li><li>• lage disposisjon</li><li>• bruke skriverammer</li><li>• bruke modelltekster</li><li>• modellere skrive-prosessen</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• tenkeskrive for å komme i gang</li><li>• ryddeskrive for å utvikle førsteutkast</li><li>• samskrive</li><li>• benytte skriverammer</li><li>• lese modelltekster</li><li>• skrive teksten i deler</li><li>• modellere skrive-prosessen</li><li>• fortelle hva man tenker å skrive</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• lese over egen tekst for å vurdere kvalitet og forbedring</li><li>• revidere teksten på bakgrunn av respons</li><li>• revidere teksten på ord-nivå, setningsnivå og på tekstnivå</li><li>• prøve ut alternative for-muleringer</li><li>• samskrive/revidere teksten sammen med andre</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• bruke modelltekst</li><li>• lese over teksten på ulike måter</li><li>• lese teksten høyt</li><li>• ta i bruk hjelpemidler for å lese teksten</li><li>• bruke tekstbehandlings-verktøy</li><li>• bruke ordbok, digitalt eller i bokform</li><li>• søke bevisst etter gjen-gangerfeil (ordkort)</li><li>• lese over på papir</li><li>• gi teksten grafisk utforming tilpasset kommunikasjons-situasjonen</li><li>• slutføre på bakgrunn av respons</li></ul>

Videreutviklet tabell fra boka Gode skrivestrategier for mellom- og ungdomstrinnet, (Kvithylid, Kringstad og Melby)

Frå Skrivesenteret




## Plan for bruk av lese- og læringsstrategiar i grunnskulen i Seljord - Revidert 2017-18.

Innføring av læringsstrategiar på steg	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
I Seljord-skulen skal alle elevane kunne:										
Tankekart										
SALTO: Superblikk, Alt eg veit, Lesemåte, Tenkestopp, Oppsummering										
Leite-lesing ("Skanne" teksten)										
Friformkart										
Ordbank /Ordkart										
Forteljingsstruktur / Fisken										
Kolonnenotat										
Venn-diagram										
Nøkkelord										
BISON: Bilde, Innleiing, Siste avsnitt, Overskrift, NB-ord										
Skriveramme: Strukturering av tekst										
Tidslinje										
Vøle-skjema (Veit, Ønskjer å vite, har Lært, Evaluering)										
Bruke ordbok										
Problemløysingsskjema – matematikk frå 5.trinn										
Bruke digital ordbok										
Bruk av fagbok – struktur, innhald, oppbygging i fagbok										
Lærarsamtale										
Teikne for å hugse og forstå										
Finne nykelord/lage resymé										
Kom-tekst el. rolleskriving										
Memoreringsteknikkar, regler, tal, indre bilete m.m										
Vurdere eigen strategibruk										

Pr 19.01.2018

## Sirkelen for undervisning og læring







## Lese- og skriveopplæring på småskulesteget

### Organisering av læringsmiljø og undervisning:

- Lese- og skriveopplæringa må vere systematisk
- Rask bokstavinnlæring – 2 bokstavar i veka + repetisjonsperiodar
- Skulane skal arbeide etter Spangereid-modellen, Heilskapleg leseopplæring
- Fast bibliotektime etter Spangereid-modellen
- Barnestaving
- Lærar må bruke læringsstrategiar saman med elevane, og på den måten vere ein rollemodell for læring
- Dei vaksne må vere tydelege og aktive skrift- og lesespråkforbilde
- Prinsipp om TPO skal gjennomsyre all opplæring i lesing og skriving
- Det skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg bøker og variert lesemateriell med ulik vanskegrad for lesing i klasserommet
- Elevane skal møte symbol, skrift og bokstavar i klasserommet. Alfabetet skal henge oppe.
- Ein skal ha lett tilgjengeleg formingsmateriell, spel, papir, plastilina og variert skriveverktøy
- Elevane skal ha tilgang til pc/nettbrett
- Utstyr til konkretisering og visualisering må vere lett tilgjengeleg
- Læraren skal lese høgt for elevane kvar dag
- Bruke lokalt kulturstoff, segn og soger m.m.

### Gode arbeidsvanar:

- Kunne ta imot ein beskjed gitt til klassa
- Kunne snakke stille
- Kunne vente på tur når fleire vil seie noko
- Kunne lytte til andre i ei kllassesamtale
- Kunne halde orden på hylla si og arbeidsplassen sin
- Kunne setje ting i mappa på rett stad
- Kunne velje aktivitet sjølvstendig
- Kunne hjelpe andre
- Kunne arbeide saman med ein annan elev om ei oppgåve
- Kunne arbeide aleine om ei oppgåve
- Kunne be om hjelp til ei oppgåve
- Kunne vurdere eigen innsats
- Kunne uttrykke korleis han/ho har det i klassa
- Kunne leve seg inn i andre sin situasjon

### Foreldresamarbeid:

Plan for Lese- og skriveopplæring er tema på fyrste foreldremøte i 1. klasse, og bør takast opp kvart år. Rektor informerer om leseopplæringa og foreldra si rolle. Det er og viktig at rektor informerer om leseopplæringa for barnehageforeldre før skulestart.

Foreldra må få informasjon om korleis dei kan hjelpe barnet sitt i arbeidet med å lære å lese og skrive, og dei må bli oppmuntra til høgtlesing, samlesing og leksearbeid heime. Dette gjeld både i tidlege skuleår og vidare oppover. På samtaletimen om våren må lærarane leggje måla i planen til grunn for samtale om eleven si faglege utvikling. Skulen må gje foreldra kunnskap om deira viktige oppgåve når det gjeld språkstimulering.

Skulen gjennomgår *Heilskapleg leseopplæring* kvar haust.

Skulen brukar Leseskjema/Lesekontrakt. Krav til fritidslesing er 15 minutt kvar dag og 15 minutt lekselesing kvar dag. Foreldra bør lese leseleksa saman med barna sine kvar dag.

Innan 7.klasse bør elevar ha lese minst 6.000 sider eller 5.000 timar (Trine Aakermann, Dysleksiforbundet).

**Foreldra si rolle når det gjeld vidareutvikling av lese- og skriveugleiken hos barna er uvurderleg.**



### **Mål for Lese- og skriveopplæring på 1. steg:**

Meistringsmål (J. Frost)	Innhald /metodar vi skal bruke i Seljord	Aktuelt materiell / verktøy /"bank"
<b>Førebuande lese- og skriveaktivitetar:</b>		
<p><b>Talespråkleg bevisst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ kunne hugse 2 – 3 regler</li> <li>▪ kunne rime på eiga hand</li> <li>▪ kunne klappe ord i stavingar</li> <li>▪ vite kva ei setning, eit ord, ei staving og ein lyd er</li> <li>▪ kunne telje ord i ei setning</li> <li>▪ uttale ord langsamt med kontrollert artikulasjon</li> <li>▪ kunne finne fram til første lyden i ord</li> <li>▪ kunne finne fram til siste lyden i ord</li> <li>▪ kunne ta bort første lyden og seie kva resten av ordet er</li> <li>▪ kunne seie lydene i ord med to og tre lydar</li> <li>▪ kunne setje saman lydar til ord med to og tre lydar i</li> <li>▪ kunne forstå at ord i talespråket lydmessig skal stemme med bokstavar i ord i skriftspråket</li> </ul>	<p><b>Språkstimulering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Omgrepslæring</li> <li>▪ Høgtlesing</li> <li>▪ Trene minnet/ hugseleikar</li> <li>▪ Lære utanåt</li> <li>▪ Språkleikar               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lytteleikar</li> <li>- Regler</li> <li>- Rim</li> <li>- Setningar</li> <li>- Ord</li> <li>- Stavingar</li> <li>- Enkeltlydar</li> </ul> </li> <li>▪ Felles tekstlesing (synleg tekst, peikefinger..)</li> </ul> <p><b>Tekstskaping</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Leikeskriving, handskrift og pc</li> <li>▪ Barnestaving</li> <li>▪ Fast skrivetide i "den harde boka"</li> <li>▪ Lage bøker</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Smartboard</li> <li>▪ Biletlotto</li> <li>▪ Memory</li> <li>▪ Vitse-og gåtebøker</li> <li>▪ Ordkart (Lære å lære)</li> <li>▪ Biletbøker</li> <li>▪ Leit- og finnbøker</li> <li>▪ Bøker (enkle med lite tekst)</li> <li>▪ Bokstavplansjar i A-4 format</li> <li>▪ Bokstavkort (m/store og små bokstavar)</li> <li>▪ Plastilina, papir, sandpapir og trebokstavar</li> <li>▪ Bokstavremser / tastaturkopi på pultane</li> <li>▪ Bokstavhus</li> <li>▪ Flipover</li> <li>▪ Pedagogisk programvare</li> <li>▪ Div. pusle- og lespel. Larsen</li> <li>▪ Mini-løko</li> <li>▪ Aviser og blad</li> <li>▪ Praksisperm for barnehagen</li> <li>▪ Lokalt kulturstoff</li> <li>▪ PAS-symbola (Piktografisk artikulatiske symbol)</li> <li>▪ Teiknspråkalfabetet - sjå Statped.no</li> </ul>

<p><b>Skriftspråkleg bevisst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ kunne etterlikne skrift</li> <li>▪ kunne skrive nokre bokstavar som skal representere innhald</li> <li>▪ Kunne skrive sitt eige namn</li> <li>▪ Kunne skrive andre sitt namn</li> <li>▪ Kunne skrive ord "som lydskrift" (ufullstendig lydanalyse)</li> </ul> <p><b>Fortelje:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne fortelje gåter og små vitsar</li> <li>▪ Kunne fortelje om ei oppleving til andre slik at dei forstår utan at dei sjølv har vore med</li> <li>▪ Kunne omsette ei opplevd eller dikta historie til ein teikneserie</li> <li>▪ Kunne diktere små setningar som passar til noko barnet har teikna</li> <li>▪ Kunne delta aktivt med andre om å lage ei historie som lærar skriv ned</li> <li>▪ Kunne forteljarstruktur (byrjing, handling, slutt)</li> </ul>	<p><b>Bokstavinnlæring</b></p> <p>Rask bokstavinnlæring: to bokstavar i veka, pausar og repetisjon innimellom</p> <p>Bruke teiknspråkalfabetet som støtte i bokstavinnlæring</p> <p>Fokus på retning, form og stilling</p> <p><b>Spangereidmodellen –</b> Heilskapleg leseopplæring: -Stasjonsarbeid -Rettleia lesing og skriving -Bibliotekstime</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Spegel</li> <li>▪ "På skole med lille Ole" (Materiell til skoleførebuande aktivitetar og spesialpedagogikk)</li> <li>▪ Frost og Lønnegaard: "Språkleker".</li> <li>▪ "Lek og lær, lær og lek".</li> <li>▪ Songar og regler</li> <li>▪ Hagtvedt: "Lek med språket".</li> <li>▪ "Regnbuen".</li> <li>▪ Lyster/Tingleff: "Språkverkstedet"</li> <li>▪ Liv Engen: "Lærerens ABC"</li> <li>▪ Liv Engen: "Foreldrenes ABC"</li> <li>▪ "Den harde boka" (metode frå GAN Aschehoug)</li> <li>▪ Lesekorpset. NRK Super</li> <li>▪ Formingsaktivitetar knytt til bokstavar</li> <li>▪ Konkretar til kvar bokstav</li> </ul> <p>Spangereid-modellen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Nivåbøker til rettleia lesing og til fritidslesing</li> <li>▪ Andre relevante tekstar, t.d. frå SALTO</li> </ul> <p>Lokalt kulturstoff: Sjå Seljord kommune sine heimesider</p>
<p><b>Motorikk:</b></p>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne hinke på bae beina</li> <li>▪ Kunne hoppe tau</li> <li>▪ Kunne bruke rokkering</li> <li>▪ Kunne balansere på låg bom/trestamme</li> <li>▪ Kunne kontrollere eigen uttale</li> <li>▪ Kunne kontrollere eiga stemmeføring</li> <li>▪ Kunne halde på ein pensel og måle nokolunde kontrollert</li> <li>▪ Kunne halde ei saks og klippe nokolunde kontrollert</li> <li>▪ Kunne halde på ein blyant med eit korrekt og avspent blyantgrep</li> <li>▪ Kunne forme bokstavar og tal</li> <li>▪ Kunne nytte rett skriveretning ved bokstav- og talskriving</li> <li>▪ Kunne skrive på line</li> <li>▪ Kunne tre perler på ei snor</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Bruke alle sansane</li> <li>▪ Grovmotorisk trening</li> <li>▪ Sansemotorisk trening</li> <li>▪ Rytme</li> <li>▪ Dans</li> <li>▪ Finmotoriske øvingar</li> <li>▪ Teikning/forming</li> <li>▪ Aktivitetsleiarar – fysiske aktivitetar i friminutt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Sansemotorisk treningsprogram</li> <li>▪ Musikk</li> <li>▪ Rim og regler</li> <li>▪ Finmotoriske øvingar.</li> <li>▪ "Blyantboka", Det norske samlaget</li> <li>▪ RØRIS (Friskis &amp; Svettis)</li> </ul>



## Mål for Lese- og skriveopplæring på 2. steg:

Meistringsmål (J.Frost)		
<b>Bruk av hjelpemidlar</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kjenne klokka (heile og halve timar)</li> <li>▪ Kunne bruke skuleskjema, vekeplan e.l</li> <li>▪ Kunne bruke ein kalender</li> <li>▪ Kunne bruke ein telefon</li> <li>▪ Kunne skrive på PC</li> </ul>		
Meistringsmål (J.Frost)	Innhald /metodar vi skal bruke i Seljord	Aktuelt materiell / verktøy
<b>Lesing og skriving:</b>		
<p><b>Forståing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne lytte aktivt og deltakande når det blir lese høgt i klassa</li> <li>▪ Kunne reagere på noko han /ho ikkje forstår</li> <li>▪ Kunne fortelje kven som er hovudpersonen i ei historie</li> <li>▪ Kunne gjenfortelje kva ei historie handlar om</li> <li>▪ Kunne uttrykke ei forventning til kva som vil skje vidare i ei historie</li> <li>▪ Kunne utnytte bilete som støtte for forståinga under lesing</li> <li>▪ Kunne identifisere og utnytte begrepskategoriar</li> </ul> <p><b>Skriftspråkleg bevisst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne forstå begrepa øvst, nedst, til venstre, til høgre, framfor, fyrst, sist, lengst, kortast o.l</li> <li>▪ Kunne forstå begrepa bokstav, staving, ord, setning, linje, avsnitt, tekst</li> </ul> <p><b>Grammatisk bevisst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne forstå kva eit verb, eit substantiv og eit adjektiv er</li> <li>▪ Kunne forstå kva stamme, endingar og forstaving er</li> </ul> <p><b>Avkodning /skrivning:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne kjenne att, skrive og setje namn på alle trykte bokstavar</li> <li>▪ Kunne danne ord med alle bokstavane</li> <li>▪ Kunne setje lydar saman til ukjende ord</li> <li>▪ Kunne lese enkle ord ved å stave seg gjennom dei</li> <li>▪ Kunne kjenne att dei mest vanlege ikkje-lydrette småorda som t.d. <i>er, her, og, ikkje, sjå</i></li> </ul>	<p>Spangereidmodellen – Heilskapleg leseopplæring:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Stasjonsarbeid</li> <li>-Rettleia lesing og skriving</li> <li>▪ Repetisjon av bokstavar etter behov. Fokus på små bokstavar og skriftforming</li> <li>▪ Språkstimulering – repetisjon frå 1.klasse</li> <li>▪ Omgrepsinnlæring</li> <li>▪ Dagleg høgtlesing</li> <li>▪ Dagleg arbeid med stillelesing (tekst, bøker, spel, dataprogram)</li> <li>▪ Repetert lesing</li> <li>▪ Arbeid med høgfrekvente ord</li> <li>▪ Faste rutinar med leselekser (Spangereidmodellen)</li> <li>▪ Vere aktive brukarar av biblioteket - bibliotekstime</li> </ul> <p><b>Tekstskaping/skriving</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Temaarbeid</li> <li>▪ Arbeide systematisk med øveord og etter kvart små diktatar</li> <li>▪ Tekstskaping individuelt og i gruppe</li> <li>▪ Lage småbøker</li> <li>▪ Skrivning på pc</li> <li>▪ Fast skrivetime i "den harde boka"</li> <li>▪ Halde fram med skriftforming, bokstavformer, handskrift.</li> <li>▪ Fokus på retning, form og stilling</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Smartboard</li> <li>▪ Biletlotto</li> <li>▪ Memory</li> <li>▪ Vitse-og gåtebøker</li> <li>▪ Ordkart (Lære å lære)</li> <li>▪ Biletbøker</li> <li>▪ Leit- og finnbøker</li> <li>▪ Bøker (enkle med lite tekst)</li> <li>▪ Bokstavplansjar i A-4 format</li> <li>▪ Bokstavkort (m/store og små bokstavar)</li> <li>▪ Bokstavhus</li> <li>▪ Pedagogisk programvare</li> <li>▪ Div. pusle- og lespel. Larsen</li> <li>▪ Mini-løko</li> <li>▪ Plastilina, papir, sandpapir og trebokstavar</li> <li>▪ Ulike metodar for å arbeide med høgfrekvente ord, t.d. Tyggegummiord, Klypekort</li> <li>▪ Bokstavremser / tastaturkopi på pultane</li> <li>▪ Flipover</li> <li>▪ Aviser og blad</li> <li>▪ Praksisperm for barnehagen</li> <li>▪ Lokalt kulturstoff</li> <li>▪ PAS-symbola (Piktografisk artikulatiske symbol)</li> <li>▪ Teiknspråkalfabetet- sjå Statped.no</li> <li>▪ Spegel</li> <li>▪ "På skole med lille Ole" (Materiell til skoleførebuande aktivitetar og spesialpedagogikk)</li> <li>▪ Frost og Lønnegaard: "Språkleker".</li> <li>▪ "Lek og lær, lær og lek".</li> <li>▪ Hagtvedt: "Lek med språket".</li> <li>▪ Lyster/Tingleff: "Språkverkstedet"</li> <li>▪ Lyster/Tingleff: "Leseverkstaden"</li> <li>▪ Liv Engen: "Lærers ABC"</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne lese korte, enkle tekstar med sterk støtte frå bilete</li> <li>▪ Kunne skrive enkle lydrette ord eller meir kompliserte ord lydrett</li> <li>▪ Kunne skrive korte setningar</li> <li>▪ Kunne skrive enkle lydrette tekstar</li> <li>▪ Kunne dele lydrette ord som dei høyrer i stavingar og halde fast på stavingane under skriving (opp til 3 stavingar)</li> <li>▪ Kunne dele ord i stavingar ved å prikke ut vokalar og setje delestrek (opp til 3 stavingar)</li> <li>▪ Kunne bruke stavedeling under lesing utan bruk av blyant</li> <li>▪ Kunne finne ord i ord</li> <li>▪ Kunne sjå likskap mellom ord med same stamme</li> </ul>	<p style="text-align: center;"><b>For dei som treng ekstra hjelp:</b></p> <p>Sjå <i>Tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar</i> til slutt i planen</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Liv Engen: "Foreldrenes ABC"</li> <li>▪ Ulike tilleggshefte, frå t.d. Gullhoj, Gan Ascehoug, Damm: "Akka"</li> <li>▪ "Eg kan lese og forstå"</li> <li>▪ "Tuba Luba"</li> <li>▪ Aski Raski</li> <li>▪ SALTO</li> <li>▪ Småbøkene til Leseuniverset</li> <li>▪ Nivådelte småbøker (Leseland m.fl)</li> <li>▪ Leseforståingshefte frå GAN</li> <li>▪ Forming med bokstavar</li> <li>▪ Songar, rim og regler</li> </ul>
---	---	--



## Mål for Lese- og skriveopplæring på 3. steg:



Meistringsmål (J. Frost)	Innhald /metodar vi skal bruke i Seljord	Aktuelt materiell / verktøy
<b>Lesing og skriving:</b>		
<p><b>Forståing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne lytte aktivt og deltakande når det blir lese høgt i klassa</li> <li>▪ Kunne reagere på noko han /ho ikkje forstår</li> <li>▪ Kunne fortelje kven som er hovudpersonen i ei historie</li> <li>▪ Kunne gjenfortelje kva ei historie handlar om</li> <li>▪ Kunne uttrykke ei forventning til kva som vil skje vidare i ei historie</li> <li>▪ Kunne stille spørsmål til ei setning med kjend innhald</li> <li>▪ Kunne utnytte bilete som støtte for forståinga under lesing</li> <li>▪ Kunne stille eit spørsmål i klassa om noko han/ho har høyrtd eller lese</li> <li>▪ Kunne relatere det han/ho har høyrtd til sitt eige liv</li> <li>▪ Kunne finne ord med same tyding</li> <li>▪ Kunne identifisere og utnytte begrepskategoriar</li> </ul> <p><b>Skriftspråkleg bevisst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne forstå begrepa øvst, nedst, til venstre, til høgre, framfor, fyrst, sist, lengst, kortast o.l</li> <li>▪ Kunne forstå begrepa bokstav, staving, ord, setning, linje, avsnitt, tekst</li> <li>▪ Kunne forstå begrepa kapittel, overskrift, tittel, innhaldsoversikt, framside, bakside, baksidetekst</li> <li>▪ Kunne forstå kva komma, punktum, utropsteikn og spørsmålsteikn er</li> </ul> <p><b>Grammatisk bevisst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne forstå kva eit verb, eit substantiv og eit adjektiv er</li> <li>▪ Kunne forstå kva stamme, endingar og forstaving er</li> <li>▪ Kunne endre på ordrekkefylgja i ei setning</li> <li>▪ Kunne lage spørjesetningar</li> </ul>	<p>Spangereidmodellen – Heilskapleg leseopplæring:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Stasjonsarbeid</li> <li>-Rettleia lesing og skriving</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Dagleg høgtlesing</li> <li>▪ Dagleg arbeid med stillelesing (bøker, spel, dataprogram)</li> <li>▪ Lesemotiverande tiltak</li> <li>▪ Leselekse/leseskjema</li> <li>▪ Bibliotekstime</li> <li>▪ Repetert lesing</li> <li>▪ Høgfrekvente ord</li> </ul> <p><b>Tekstskaping/Skriving</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Systematisk arbeid med rettskriving</li> <li>▪ Arbeide systematisk med øveord og ha små diktatar kvar veke</li> <li>▪ Systematisk innlæring av komplekse grafem (konsonantsamband, diftongar m.m.)</li> <li>▪ Tekstskaping</li> <li>▪ Avskrift</li> <li>▪ Gjenforteljing.</li> <li>▪ Temaarbeid</li> <li>▪ Skriving på PC</li> <li>▪ Skriversammer/stillasbygging/modellering</li> </ul> <p><b>For dei som treng ekstra hjelp:</b> Sjå <i>Tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar</i> til slutt i planen</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Smartboard</li> <li>▪ Biletlotto</li> <li>▪ Memory</li> <li>▪ Vitse-og gåtebøker</li> <li>▪ Ordkart (Lære å lære)</li> <li>▪ Biletbøker</li> <li>▪ Leit- og finnbøker</li> <li>▪ Bøker (enkle med lite tekst)</li> <li>▪ Stillelesingshefte</li> <li>▪ Bokstavremser / tastaturkopi på pultane</li> <li>▪ Flipover</li> <li>▪ Pedagogisk programvare, Aski Raski,</li> <li>▪ Div. pusle- og lesespel. Larsen</li> <li>▪ Mini-løko</li> <li>▪ Aviser og blad</li> <li>▪ Praksisperm for barnehagen</li> <li>▪ Lokalt kulturstoff</li> <li>▪ ”På skole med lille Ole” (Materiell til skoleførebuande aktivitetar og spesialpedagogikk)</li> <li>▪ Frost og Lønnegaard: ”Språkleker”.</li> <li>▪ ”Lek og lær, lær og lek”.</li> <li>▪ Hagtvedt: ”Lek med språket”</li> <li>▪ Lyster/Tingleff: ”Språkverkstedet”</li> <li>▪ Liv Engen: ”Lærerens ABC”</li> <li>▪ Liv Engen: ”Foreldrenes ABC”</li> <li>▪ Eg kan lese og forstå</li> <li>▪ Lyster/Tingleff: Leseverkstaden.</li> <li>▪ Tuba Luba</li> <li>▪ Ulike tilleggshefte, t.d. frå Gullhoj, Gan Ascehoug, Damm: Akka, Bakka</li> <li>▪ Ulike skriftformingshefte</li> <li>▪ Slå klokka – ”Tyggegummiord” (Teachers pay teachers)</li> <li>▪ SALTO</li> <li>▪ Småbøkene til Leseuniverset</li> <li>▪ Nivådelte småbøker</li> <li>▪ Leseforståingshefte frå GAN</li> </ul>

**Avkoding /skrivning:**

- Kunne kjenne att dei mest vanlege ikkje-lydrette småorda som t.d. *er, her, og, ikkje, sjå*
- Automatisering av aktuelt lesenivå
- Flytande lesing av lette tekstar
- Vidareutvikling av strategi for lesing av vanskelege ord
- Kunne lese lengre, enkle tekstar sjølvstendig
- Kunne skrive enkle lydrette ord eller meir kompliserte ord lydrett
- Kunne skrive korte setningar
- Kunne skrive enkle lydrette tekstar
- Kunne dele lydrette ord som dei høyrer i stavingar og halde fast på stavingane under skrivning (opp til 3 stavingar)
- Kunne dele ord i stavingar ved å prikke ut vokalar og setje delestrek (opp til 3 stavingar)
- Kunne bruke stavedeling under lesing utan bruk av blyant
- Kunne finne ord i ord
- Kunne sjå likskap mellom ord med same stamme
- Oppbygging av ordkunnskap
- Bruke ordbilete (orda si form) som reiskap for å kjenne att orda når ein les
- Utvikling av strategiar for forståing
- Kunne bruke lesing til læring
- Skjønne at einskilde ord kan vise tilbake til noko anna tidlegare i setninga
- Kunne oppsummere ein tekst
- Skrive ein tekst etter ei forteljingslinje
- Automatisering av elementær forteljeteknikk og oppbygging av kunnskap om konstruksjon av setningar

## Mål for Lese- og skriveopplæring på 4. steg:



Meistringsmål (Jørgen Frost)	Innhald /metodar vi skal bruke i Seljord	Aktuelt materiell / verktøy
<b>Lesing og skriving:</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Automatisering av aktuelt lesenivå</li> <li>▪ Flytande lesing av lette tekstar</li> <li>▪ Vidareutvikling av strategi for lesing av vanskelege ord</li> <li>▪ Meistre lesing av lange ord</li> <li>▪ Oppbygging av ordkunnskap</li> <li>▪ Bruke ordbilete (orda si form) som reiskap for å kjenne att orda når ein les</li> <li>▪ Utvikling av strategiar for forståing</li> <li>▪ Kunne bruke lesing til læring</li> <li>▪ Skjønne at einskilde ord kan vise tilbake til noko anna tidlegare i setninga</li> <li>▪ Kunne ordklassene substantiv, verb og adjektiv</li> <li>▪ Kunne stille enkle spørsmål til ein tekst</li> <li>▪ Kunne oppsummere ein tekst</li> <li>▪ Kunne ha forventningar om kva som kjem til å skje vidare i ein tekst</li> <li>▪ Automatisering av elementær forteljeteknikk og oppbygging av kunnskap om konstruksjon av setningar</li> <li>▪ Skrive ein tekst med struktur (byrjing, handling og avslutning) og variert språk (ordforråd og setningskonstruksjon)</li> <li>▪ Utvikling av gode arbeidsvanar (studieteknikk)</li> <li>▪ Kunne arbeide sjølvstendig</li> <li>▪ Kunne vurdere eigen innsats i høve til mål (bevisstgjeriing når det gjeld evaluering)</li> </ul>	<p>Spangereidmodellen – Heilskapleg leseopplæring:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Stasjonsarbeid</li> <li>-Rettleia lesing og skriving</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Høgtlesing kvar dag</li> <li>▪ Arbeid med stillelesing kvar dag</li> <li>▪ Lesemotiverande tiltak</li> <li>▪ Leselekser</li> <li>▪ Repetert lesing</li> <li>▪ Bibliotekstime</li> </ul> <p><b>Tekstskaping</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Systematisk arbeid med rettskriving</li> <li>▪ Arbeide systematisk med øveord og ha små diktatar kvar veke</li> <li>▪ Temaarbeid</li> <li>▪ Innføre samanhengande skrift</li> <li>▪ Arbeid med tekstbehandling</li> <li>▪ Skriverammer/stillasbygging/modellering</li> </ul> <p><b>For dei som enno ikkje har utvikla flytande lesing:</b></p> <p>Sjå Tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar til slutt i planen</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Smartboard</li> <li>▪ Biletlotto</li> <li>▪ Memory</li> <li>▪ Vitse- og gåtebøker</li> <li>▪ Ordkart (Lære å lære)</li> <li>▪ Biletbøker</li> <li>▪ Leit- og finnbøker</li> <li>▪ Bøker (enkle med lite tekst)</li> <li>▪ Stillelesingshefte</li> <li>▪ Flipover</li> <li>▪ Pedagogisk programvare</li> <li>▪ Div. pusle- og lesespel.</li> <li>Larsen</li> <li>▪ Mini-løko</li> <li>▪ Aviser og blad</li> <li>▪ Praksisperm for barnehagen</li> <li>▪ Lokalt kulturstoff</li> <li>▪ ”På skole med lille Ole” (Materiell til skoleførebuande aktivitetar og spesialpedagogikk)</li> <li>▪ Frost og Lønnegaard: "Språkleker".</li> <li>▪ "Lek og lær, lær og lek".</li> <li>▪ Hagtvedt: "Lek med språket".</li> <li>▪ Lyster/Tingleff: "Språkverkstedet"</li> <li>▪ Liv Engen: "Læreren ABC"</li> <li>▪ Liv Engen: "Foreldrenes ABC"</li> <li>▪ Ulike tilleggshefte, t.d. frå Gan Ascehoug, Gullhoj, Damm: Akka, Bakka, Bonka, Rakka,</li> <li>▪ Damms leseunivers</li> <li>▪ Nivådelte småbøker</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ulike skriftformingshefte</li> <li>▪ Ask Raski</li> </ul>



# Lese- og skriveopplæring på mellomsteget



## Organisering av læringsmiljø og undervisning:

- Systematisk lese- og skriveopplæring må halde fram etter Spangereid-modellen
- Prinsipp om TPO skal gjennomsyre all opplæring i lesing og skriving
- Når elevar strever med lesing og skriving, må ein umiddelbart setje i gang med tiltak frå Tiltakslista.
- Lesemotiverande tiltak og variert bruk av metodar knytt til arbeid med lesing og litteratur
- Synleggjering av elevane si lesing som motivasjon
- Skulen må leggje til rette for varierte møter med litteratur, forfattarbesøk, nettstader om litteratur, lydbøker og fast bibliotektime
- Læraren skal lese høgt for elevane kvar dag
- Læraren må vere bevisst kjønnsroller, interesser og bokval
- Dei vaksne må vere tydelege og aktive språkførebilete
- Elevane skal møte eit godt, visuelt læringsmiljø i klasserommet
- Bevisst bruk av lærings- og lesestrategiar
- Leggje til rette for læresamtaler knytt til mål og bruk av læringsstrategiar
- Bruke lokalt kulturstoff, som t.d. lokale segn, sjå heimesida

## Gode arbeidsvanar:

- Kunne ta imot ein beskjed gitt til klassa
- Kunne snakke stille
- Kunne vente på tur når fleire vil seie noko
- Kunne lytte til andre i ei klassesamtale
- Kunne halde orden på hylla si og arbeidsplassen sin
- Kunne setje ting i mappa på riktig stad
- Kunne velje aktivitet sjølvstendig
- Kunne hjelpe andre
- Kunne arbeide saman med ein annan elev om ei oppgåve
- Kunne arbeide aleine om ei oppgåve
- Kunne be om hjelp til ei oppgåve
- Kunne vurdere eigen innsats
- Kunne uttrykke korleis han/ho har det i klassa
- Kunne leve seg inn i andre sin situasjon

## Foreldresamarbeid:

Plan for lese- og skriveopplæring er tema på fyrste foreldremøte om hausten.

På samtaletimen om våren må lærarane leggje måla i planen til grunn for samtale om eleven si faglege utvikling.

Skulen bruker Leseskjema/Lesekontrakt etter Spangereid-modellen, og må orientere om foreldra si rolle i oppfylgjing av lesearbeidet til elevane. Elevane skal lese 15 min. fritidslesing kvar dag.

Foreldra må få informasjon om korleis dei kan hjelpe barnet sitt i arbeidet med å lese og skrive, og dei må bli oppmuntra til felles høgtlesing, samlesing og leksearbeid heime.

Foreldra bør lese leseleksa saman med barna kvar dag.

Det er tilrådd å ha lese 6.000 sider eller 5.000 timar innan 7.klasse. (Trine Aakermann).

**Foreldra si rolle når det gjeld vidareutvikling av lese- og skrivedugleiken hos barna er uvurderleg.**

**Lesestrategiar:** ("*Lesing er...*", Lesesenteret, Universitetet i Stavanger, 2008), BISON

- Å lese for å lære
  - Førlesefasen:
    - Orienter seg i teksten
    - Oversikt over lærestoffet
    - Aktivisere forkunnskap
    - Planleggje arbeidsmåte, strategibruk og tidsbruk
    - Mål med lesinga: lære, gjere, oppleve
  - Lesefasen:
    - Tekststrukturelle verkemidlar: Overskrift, ingress, tekst, illustrasjonar
    - Organisering av kunnskap: tankekart, styrkenotat og liknande
    - Spørsmål til teksten
  - Etterlesefasen:
    - Evaluere
    - Arbeidsmåtar
    - Tidsbruk
    - Strategimedvit
    - Oppsummering/reorganisering av lærestoffet
- Å lese for å oppleve
  - Slappe av og kose seg med bok og litteratur
  - Val av litteratur
- Å lese for å gjere
  - Lese mønstre, brukarretteiingar
  - Treningsprogram
  - Arbeidsplan, busstabellar, TV-program o.l



## Mål for Lese- og skriveopplæring på 5. – 7. steg:

Meistringsmål	Innhald /metodar vi skal bruke i Seljord	Aktuelt materiell / verktøy
<b>Lesing:</b>		
<b>Overordna mål:</b> Lesing skal vere eit verktøy for å lære, gjere og oppleve.		
<b>Ordavkoding/leseflyt:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ha utvikla automatisert avkoding</li> <li>▪ Kunne kjenne att vanlege ord og språklege detaljar som stavingar, samansette ord, morfem (minste meiningsberande eining), bøyning av ord, høgfrequente ord, ikkje-regelrette ord, komplekse ord m.m</li> <li>▪ Kunne lese tekstar tilpassa aldersnivået med stor sikkerheit og god lesefart</li> <li>▪ Kunne endre og variere setningar (syntaktiske forståing)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Spangereidmodellen –stasjonsundervisning, rettleia lesing</li> <li>▪ Fortsetje arbeidet med automatisering</li> <li>▪ Bruke dynamisk kartlegging og testar for å finne den enkeltes meistringsnivå og problem</li> <li>▪ Bruke tekstar som er tilpassa eleven: sjølvstendig lesenivå der eleven les med 90-94 % sikkerheit</li> <li>▪ Utvide ord- og omgrepsforrådet med aktiv jobbing med synonym, antonym og kategorisering</li> <li>▪ Arbeide med grammatikalske strukturar og syntaksar</li> <li>▪ Stillelesing kvar dag</li> <li>▪ Høgtlesing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Smartboard</li> <li>▪ Variert litteratur</li> <li>▪ Lydbøker</li> <li>▪ ”Arbeid med ord”</li> <li>▪ Div. pusle- og lesespel. Larsen</li> <li>▪ Frå Lesekassetten ”Lesing er...”:</li> <li>- Bok i bruk på femte til sjuende trinn</li> <li>- Fagbok i bruk</li> <li>- Perlejakten – på sporet av gode leseprosjekter i skolen</li> <li>- Gutter og lesing – lesevaner, lesetips, nye medier</li> <li>- Lese- og skrivevansker. Frå teori til IKT-baserte tiltak</li> <li>- Lesing på skjerm</li> </ul>
<b>Leseforståing:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Bli ein reflektert lesar som er aktiv i eigen leseprosess</li> <li>▪ Kunne tileigne seg innhaldet i forskjellige teksttypar</li> <li>▪ Kunne bruke forskjellige lesestrategiar til forskjellige typar tekstar</li> <li>▪ Ha god sjangerforståing</li> <li>▪ Kunne forstå det eksplisitte innhaldet (ord, setningar, struktur og sjanger)</li> <li>▪ Kunne forstå det implisitte innhaldet (det som ligg bak linjene), samt eiga tolking og gjenskaping</li> <li>▪ Utvikle eit stadig meir situasjonsuavhengig språk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Bruke lesetekstar med tilpassa vanskegrad, også når det gjeld fagtekstar og lekser</li> <li>▪ Bruke mykje samtale om innhald, språk og detaljar</li> <li>▪ Hjelp elevane til å skape førforståing gjennom søking etter informasjon frå overskrifter, bilete, bilettekster, margnotat og liknande</li> <li>▪ Aktivisere eleven sin kunnskap og erfaringar om emnet</li> <li>▪ Øve opp eleven si evne til å forhalde seg aktiv til tekst ved å <ul style="list-style-type: none"> <li>- overvake eiga forståing</li> <li>- stille djuparegåande spørsmål</li> <li>- utvikle hypotesar undervegs</li> <li>- oppsummere, trekkje slutningar, fortolke og utprøve hypotesar</li> </ul> </li> <li>▪ Arbeide for at elevane både har kjennskap til og forståing av ord og omgrep</li> <li>▪ Direkte undervisning i sjangerlære</li> <li>▪ Gje munnleg oppsummering av tileigna stoff og tolking av dette innan ulike sjangrar</li> <li>▪ Faglærarar må arbeide med ord, omgrep og fagtuttrykk ved gjennomgang av nye tema i alle fag</li> <li>▪ Jobbe med lesefart tilpassa formålet</li> <li>▪ Jobbe med ulike forventningar til ulike tekstar</li> <li>▪ Bevisstgjere bruk av forskjellig strategi til ulik type tekst, sjå lesestrategi</li> <li>▪ Kontinuerleg vurdering av eleven sitt faglege utbytte ved lesing av fagtekstar gjennom logg, kontrollerande spørsmål, skriftlege og munnlege referat og liknande</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ulike tilleggshefte, t.d. frå Gan Aschehoug, Gullhoj, Damm: Snipp, Snapp, Snute.</li> <li>▪ Damms leseunivers</li> <li>▪ Nivådelte småbøker</li> <li>▪ Lesenettstader, sjå eiga oversikt</li> <li>▪ Lese-og skrivepermen</li> <li>▪ Aski Raski</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Lese for yngre barn, fadderbarn og liknande</li> <li>▪ Leseprosjekt, leseveker, lesevake, lesebarometer, m.m.</li> </ul>	
<p><b>Leseinteresse:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Positiv haldning til lesing</li> <li>▪ Auka leseglede, lyst og interesse for alle elevar</li> <li>▪ Utfordre elevane til å prøve seg på nytt og ukjend stoff og litteraturtypar</li> <li>▪ Eleven skal kunne involvere seg i teksten sitt innhald (empati)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Stimulere til interesse og leseglede gjennom lesefremjande tiltak som leseprosjekt, bokormar og lesebarometer, lesediplom, lesekonkurransar, film, forfattarbesøk, drama, bokmeldingar, leselogg, bruk av lesenettstader o.l</li> <li>▪ Godt utval av litteratur og teksttypar</li> <li>▪ Hjelp elevane til å finne passende litteratur</li> <li>▪ Lese høgt med engasjement for elevane kvar dag (ev lydbok)</li> <li>▪ Arbeide bevisst med fokus på gutar og jenter som til vanleg ikkje likar å lese</li> <li>▪ Bibliotekstime</li> </ul>	
<b>Skriving:</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kunne omsetje tankar, idear, kjensler og kunnskap til god skriftleg formidling</li> <li>▪ Kunne skrive eigne tekstar med utgangspunkt i ulike tekstsjangrar</li> <li>▪ Kunne meistre ortografi, teiknsetjing, ordklasser og setningsanalyse</li> <li>▪ Kunne vurdere sterke og svake sider ved eigne og andre sine tekstar</li> <li>▪ Kunne meistre ei føremålstenleg og tydeleg handskrift</li> <li>▪ Kunne bruke PC til skriftlege framstillingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Trene ulike skriftlege oppgåver med følgjande progresjon i vanskegrad, avhengig av eleven sitt nivå</li> <li>- Dikteringar der konsentrasjonen gjeld å skrive nøyaktig det som er diktert</li> <li>- Attforteljingar der ein skal både hugse og fortelje att</li> <li>- Fri tekst som er eigenprodusert og krev sjølvstendig trening og kreativitet</li> <li>▪ Gje trening i å handtere ulike sjangrar skriftleg i alle fag</li> <li>▪ Skriverammer/stillasskriving/modellering</li> <li>▪ Arbeide med skriveprosess/ prosessorientert skrivemetodikk</li> <li>▪ Bruke ulike former for disposisjon, sjå læringsstrategiar</li> <li>▪ Setje krav til handskrifta i alle skriftlege arbeid, uansett fag</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ulike skriftformingshefte</li> <li>▪ Ulike tilleggshefte, t.d. frå Gan Ascehoug</li> <li>▪ Pedagogisk programvare for pc</li> <li>▪ Plan for IKT-undervisning i grunnskulen i Seljord kommune</li> <li>▪ Leite etter gode tastaturtreningsprogram?</li> </ul>
	<p><b>For dei som treng ekstra hjelp:</b></p> <p>Sjå  <i>Tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar</i>  til slutt i planen</p>	



# Lese- og skriveopplæring på ungdomssteget



## Organisering av læringsmiljø og undervisning:

- Systematisk lese- og skriveopplæring må halde fram i alle fag ved bevisst bruk av lærings- og lese – og skrivestrategiar i alle fag
- Prinsipp om TPO skal gjennomsyre all opplæring i lesing og skriving i alle fag
- Systematisk arbeid med ordkunnskap/faguttrykk/omgrep og grunnleggjande ferdigheiter må gjennomsyre alle fag
- Når elevlar strever med lesing og skriving, må ein umiddelbart setje i gang med tiltak frå Tiltakslista.
- Elevane skal møte eit godt, visuelt læringsmiljø i klasserommet, t.d. faglege plakatar, formlar, målformuleringar, tidsliner m.m
- Visualisering og konkretisering av lærestoff er eit viktig prinsipp, spesielt for dei med lesevanskar, visuelt svake og minoritetspråkleg ungdom
- Lærarane skal leggje til rette for læresamtaler knytt til mål og bruk av læringsstrategiar
- Klargjere og synleggjere måla for undervisninga
- Bevisstgjerjing og refleksjon over læring, metakognisjon, skal prege undervisninga i alle fag
- Lesemotiverande tiltak og variert bruk av metodar knytt til arbeid med lesing og litteratur
- Skulen må leggje til rette for varierte møter med litteratur, forfattarbesøk, nettstader om litteratur, smartbøker og god lokal bibliotekordning
- Læraren må vere bevisst kjønnsroller og ulike interesser i samband med elevane sine bokval
- Læraren skal lese høgt for elevane
- Dei vaksne må vere tydelege språkførebilete og rettleiarar
- Nynorsk er hovudmålet i Seljord, og det må kome til uttrykk gjennom val av litteratur, forfattarar og arbeidsmateriell.
- Bruke lokalt kulturstoff

## Foreldresamarbeid:

Plan for lese- og skriveopplæring er tema på første foreldremøte om hausten i 8. klasse.

På samtaletimen om hausten skal lærarane ta utgangspunkt i ny kartleggjing og testar i samtala.

Det er viktig å snakke om fagleg utvikling og samanlikne med tidlegare resultat.


Foreldra må få informasjon om korleis dei kan hjelpe ungdommen sin i arbeidet med skulearbeidet generelt og arbeidet med lesing og skriving av tekst spesielt. Korleis oppmuntre til lesing og leksearbeid heime og vidare oppover, er ei veldig stor og viktig utfordring.

Når skulen tilbyr elevane ulike lesefremjande tiltak/tidleg innsats, skal både føresette og eleven bli orientert om tiltaka. Føresette må skrive under på om dei samtykker til tiltaka. (grønt skjema)

Måla i lese- og skriveopplæringsplanen må og vere med i grunnlaget for samtala om eleven si faglege utvikling.

**Foreldra si rolle med å stimulere og oppmuntre til vidareutviklinga av lese- og skrivedugleik hos ungdommane er uvurderleg.**

## Læringsløyfa



## Lesefasane

Overordna prinsipp	Rettleiing gjennom fasane
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kartlegging og nivåtilpassing</li> <li>▪ Rettleiing gjennom heile prosessen</li> <li>▪ Refleksjon</li> <li>▪ Frå rettleia strategibruk til sjølvstendig strategibruk</li> </ul>	<b>FØRLESEFASEN</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Orienterer seg i teksten.</li> <li>▪ Aktivere forkunnskap.</li> <li>▪ Ord – og omgrepsavklaring.</li> <li>▪ Motivere for lesing.</li> <li>▪ Målrretta lesing.</li> <li>▪ Bygge akademisk ordforråd (Frontloading)</li> </ul>
	<b>LESEFASEN</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Leseforståing</li> <li>▪ Lesestrategiar</li> <li>▪ Refleksjon</li> <li>▪ Omgrep</li> </ul>
	<b>ETTERLESEFASEN</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Refleksjon</li> <li>▪ Kommunisere innhald</li> <li>▪ Summere opp</li> <li>▪ Metakognisjon</li> <li>▪ Vurdering og måloppnåing</li> </ul>

Å lese er å forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i skriftleg tekst for å oppnå sine mål, for å utvikle sin kunnskap og sitt potensiale for å delta i samfunnet.  
( OECD 2007 )

# Mål for Lese- og skriveopplæring på 8.-10. steg:

## Overordna mål:

Lesing skal vere eit verktøy for å lære, gjere og oppleve.

Vidareutvikle leseugleik	Tiltak	Verktøy og hjelpemidlar
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha funksjonell fart, flyt, og forståing i lesinga</li> <li>• Utvikle god evne til å lese høgt</li> <li>• Skal kunne lese ei bok med ei viss mengde tekst utan illustrasjonar</li> <li>• Kjenne att ordstammer og ordsamansetting</li> <li>• Bli glad i å lese</li> <li>• Få gode leseopplevingar</li> </ul> <div style="border: 1px solid red; padding: 5px; margin: 10px 0; text-align: center;"> <b>Kartlegging</b> </div> <p><b>For dei som treng ekstra hjelp:</b> Sjå <i>Tiltak for elevar med lese- og skrivevanskar</i> til slutt i planen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Øve på for- og etterstavingar</li> <li>▪ Utvide ordforrådet</li> <li>▪ Mengdetrening</li> <li>▪ Trene høgtlesing</li> <li>▪ Repetert lesing</li> <li>▪ Lesestrategiar</li> <li>▪ Læringsstrategiar</li> <li>▪ 2 intensive leseperiodar i norsk over minst 2 veker i alle klasser pr. år</li> <li>▪ 1 lesekvart pr. veke</li> <li>▪ Alle elevane skal ha ei stillelesingsbok</li> <li>▪ Lesestrategiar</li> <li>▪ Høgtlesing</li> <li>▪ Leseøkter/lesekvarten (norskfaget)</li> <li>▪ Finne god og høveleg litteratur</li> <li>▪ Lese ulike sjangrar</li> <li>▪ Litterære samtaler</li> <li>▪ Bokpresentasjon</li> <li>▪ Bibliotekbesøk</li> <li>▪ Klasesett/boklån</li> <li>▪ Lesemotiverande tiltak som synleggjer lesing, t.d. Lesefot, lesebarometer, ...</li> <li>▪ Forfattarbesøk</li> <li>▪ Bruk av nettstader om litteratur</li> <li>▪ Film basert på bøker</li> <li>▪ Teater</li> <li>▪ Dramatisering</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Smartboard</li> <li>- Lesekassetten, Lesesenteret, UiStavanger</li> <li>- Lære å lære, Carol Santa</li> <li>- Drillpro</li> <li>- Lese-og skriveopplæring i grunnskulen, Gerd Salen</li> <li>- Den andre leseopplæringa, Bjorvatn/Tønnesen</li> <li>- Leseverksted, Kristin Giæver</li> <li>- Prinsipper for god leseopplæring, Jørgen Frost</li> <li>- Helhetslesing i Praksis, Bredtvet komp.senter</li> <li>- Lesedidaktikk etter den første leseopplæringa. A. Roe</li> <li>- Unge og vaksne med lesevansker. Gabrielsen, Heber og Høien</li> <li>- Kartleggeren for ungdomskole og vgs.</li> <li>- God leseutvikling. Lundberg/Herrlin</li> <li>-UDIR. Lesing som grunnleggjande ferdigheit. Ungdomstrinnssatsinga</li> <li>- Aski Raski.</li> </ul> <p><b>Aktuelle nettstader:</b> <a href="http://www.ung.no">www.ung.no</a></p> <p>Si:D Aftenposten: diskusjonsside for ungdom <a href="http://www.foreningenles.no">www.foreningenles.no</a></p> <p>Dag og tid. Nynorskavis for barn og unge</p> <p>Klar Tale</p>
Lesing for å lære og oppleve	Tiltak	Verktøy og hjelpemidlar
<p><b>Førlesefasen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Orienterer seg i teksten.</li> <li>▪ Aktivere forkunnskap.</li> <li>▪ Ord – og omgrepsavklaring.</li> <li>▪ Motivere for lesing.</li> <li>▪ Målretta lesing.</li> <li>▪ Bygge akademisk ordforråd (Frontloading)</li> </ul>	<p><b>Førlesefasen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tankekart</li> <li>▪ Skumme, skanne</li> <li>▪ Lage spørsmål</li> <li>▪ Ordbank</li> <li>▪ VØL</li> </ul>	<p><b>Språkløyper</b></p>

<p><b>Lesefasen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Leseforståing</li> <li>▪ Lesestrategiar</li> <li>▪ Refleksjon</li> <li>▪ Omgrep</li> </ul> <p><b>Etterlesefasen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Refleksjon</li> <li>▪ Kommunisere innhald</li> <li>▪ Summere opp</li> <li>▪ Metakognisjon</li> <li>▪ Vurdering og måloppnåing</li> </ul>	<p><b>Lesefasen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tankekart</li> <li>▪ Tidslinje</li> <li>▪ Kontekst</li> <li>▪ Ordbok</li> </ul> <p><b>Etterlesefasen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tankekart</li> <li>▪ Tidslinje</li> <li>▪ Ordbank</li> <li>▪ VØL</li> <li>▪ Storyboard</li> <li>▪ Oppsummering</li> <li>▪ venndiagram</li> </ul>	
--	---	--

**Skrijving:**

**Overordna mål:**

Skrijving skal vere eit tankeverktøy og ei kommunikasjonsform.

**Tekstskaping:**

<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Skal kunne skrive lengre og samanhengande tekst</li> <li>▪ Skal kunne skrive både fagtekst og skjønnlitterær tekst</li> <li>▪ Skal kunne skrive tekst innan ulike sjangrar</li> <li>▪ Skal kunne tilpasse ein tekst til mottakar og føremålet med teksten</li> <li>▪ Kunne jobbe prosessorientert med tekst</li> <li>▪ Skal kunne reflektere skriftleg over både tekst og opplevingar</li> <li>▪ Skal kunne vurdere eigen tekst med tanke på både innhald og form</li> <li>▪ Eleven skal kunne ta i bruk ulike språklege verkemiddel.</li> <li>▪ Elevane skal kunne bruke ulike kjelder</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Læringsstrategiar</li> <li>▪ Bygge opp ein disposisjon</li> <li>▪ Prosessorientert skrijving</li> <li>▪ Sjangerlære</li> <li>▪ Skrive reflekterande tekst</li> <li>▪ Øve på viktige element innan skrijving: bruk av synonym og antonym, samanbinding av tekst, variere setningsoppbygging, innleiing og avslutning.</li> <li>▪ Bli presentert for ulike teksttypar</li> <li>▪ Øve på språklege verkemiddel, som t.d. gjentakning, kontrast, skildring, ironi, metaforar, samanlikningar, rim og rytme, motsetningar, språklege bilete, besjeling.</li> <li>▪ Lære kjeldebruk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- God skriveutvikling. Ingvar Lundberg</li> <li>- Lærebøkene</li> <li>- UDIR: Skrijving som grunnleggjande ferdigheit. Ungdomstrinnssatsinga</li> </ul>
---	---	--

**Funksjonell skrijving:**

<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Skal kunne dei ulike reglane for rettskriving, grammatikk og syntaks</li> <li>▪ Skal få utvikla automatisert skrijving</li> <li>▪ Vidareutvikle personleg handskrift</li> <li>▪ Skal kunne skrive på både hovudmål og sidemål</li> <li>▪ Skal bruke eit variert og presist språk</li> <li>▪ Kunne bruke retteprogram</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Trene rettskriving</li> <li>▪ Trene teiknsetting, avsnitt og struktur i teksten</li> <li>▪ Trene på å bruke retteprogram</li> <li>▪ Trene på å bruke ordbøker</li> </ul> <p><b>For dei som treng ekstra hjelp:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trening på rettskriving/rettskrivingsreglar for elevar som strevar ut frå kartlegging og testresultat.</li> <li>- Ta utgangspunkt i der eleven er, og ev. gå tilbake i plan for barnesteget for å finne mål og arbeidsmåtar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lærebøkene</li> <li>- Ordbøker: framandordbok, synonymordbok</li> <li>- Retteprogram</li> <li>- LingDys, skriveprogram for norsk</li> <li>- LingRight, skriveprogram i engelsk</li> </ul>
--	--	--



	- Vidare testing i samarbeid med logoped  Sjå <i>Tiltak for elever med lese- og skrivevanskar</i> til slutt i planen.	
<b>Interesse og motivasjon for skriving:</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Bli glade i å skrive</li> <li>▪ Oppleve nytta av å kunne uttrykke seg skriftleg</li> <li>▪ Å kunne skrive for eit publikum</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ La elevane skrive mykje, i alle fag og samanhengar</li> <li>▪ Skrive for å publisere, som t.d. klasse-eller lokalavis, blogg, leseinnlegg, oppslag m.m.</li> </ul>	<a href="http://www.ung.no">www.ung.no</a>  Si:D Aftenposten: diskusjonsside for ungdom På skross. Aftenposten
<b>IKT:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Skal kunne bruke digitale verktøy i skriving i alle fag</li> <li>▪ Skal kunne skrive effektivt på data</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Jobbe med ulike tekstbehandlingsprogram</li> <li>▪ Trene Touch-metoden</li> <li>▪ Hente og bruke informasjon frå internett</li> <li>▪ Lære kritisk kjeldebruk</li> <li>▪ Lære å oppgje kjelder på riktig måte</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Teksthjelpemiddel: Word e.l PowerPoint PhotoStory Internett</li> <li>- Text-pilot - skriveprogram for norsk</li> <li>- Text-pilot skriveprogram i engelsk</li> <li>- kildekompasset.no</li> </ul>



## TILTAK FOR ELEVAR MED LESE- OG SKRIVEVANSKAR

Utgangspunkt for det faglege innhaldet:

- Jørgen Frost: *Prinsipper for god leseopplæring*
- Oddhild Godøy og May-Britt Monsrud: *Spesialpedagogisk leseopplæring – en veileder*
- ARBEID MED ORD LÆREMIDLER AS: *Repetert lesing 1-3*


Når vi skal hjelpe elevar med lese- og skrivevanskar til å bli betre lesarar, kan ikkje denne undervisninga vere lærebok- eller lesebokstyrt. Ho må vere lærarstyrt ut frå elevens nivå. Vi må nytte eit variert tekstval og vere i stand til å tilpasse utfordringane til den enkelte elev.

Det er viktig å kartleggje lesenivået til eleven for å finne tilpassa lesetekstar. Målet er at elevane skal bli ortografiske lesarar. Forsking viser at om ein elev skal få moglegheit til å utvikle lesehastigheit, må vanskegraden på tekstane vere på eit nivå der eleven ved første gjennomlesing klarer å lese 80-90% av teksten med stor sikkerheit/flyt/utan å stave. (*Prinsipper for god leseopplæring s.81-83, 91-92*)

Døme på kartleggjing: Eleven les høgt ein tekst for lærar, for eksempel på 100 ord. Dersom nivået er rett for eleven, les eleven 80-90 av orda med flyt, utan å stave/lydere seg fram. Lærar noterer ned ord eleven må stave, kjem han over 10, er teksten for vanskeleg.

Lærarrolla må vere aktivt støttande i eleven si næraste utviklingszone slik at eleven opplever meistring og motivasjon. (Vygotsky). (*Prinsipper for god leseopplæring s. 111-116*)

PISA-undersøkinga frå 2005 viser at dersom eleven les ein halvtime kvar dag aukar det leseugleiken med nesten to skuleår. Dette seier noko om kor viktig mengdetrening er. Lesing er hardt arbeid. Ein blir ikkje ein god lesar utan å lese.



# **Heilskapleg lesing som ramme om metodiske tiltak i spesialpedagogisk lese- og skriveopplæring.**

## **Fase 1 – Arbeid med heilskap**

### **Mål:**

Etablere igangsetjing av avkodning, eit trygt språkleg grunnlag og styrking av ord-og omgrepskunnskap

### **Innhald:**

Vanskegrad/val av tekst: Eleven må kunne lese 80-90% av teksten med flyt

1. Presentasjon av tekst og samtale rundt innhaldet
2. Lesing med støtte av lærar

## **Fase 2- Arbeid med detaljane**

### **Mål:**

Etablere god avkodingsdugleik og arbeide med dei språklege detaljane:

- Fonologisk lesing
- Lesing med stavingar
- Arbeid med morfologi
- Ortografisk lesing

### **Innhald:**

1. Repetert lesing
2. Arbeid med stavingar
3. Høgfrequente småord
4. Lage fleire setningar med dei same orda
5. Ord med konsonantopphopingar
6. Ordanalysekjema
7. Syntese av ord
8. Morfemarbeid

## **Fase 3 – Arbeid med heilskap. Samordning og automatisering.**

**Mål:** Sjølvstending lesing med flyt der eleven tek i bruk strategiar og lesedugleik dei har arbeidd med i fase 2. Det lesetekniske skal fungere saman med gode forståingsprosessar.

### **Utdjuping av fase 2**

#### **1. Repetert lesing**

Eleven les den same teksten kvar dag både på skulen og heime heilt til vi er kome til fase 3 i arbeidet.

Repetert lesing er viktig for at ord skal bli automatisert. Langsam lesing vil med mange gjentakningar føre til rask og sikker lesing: automatisert lesing.

Døme på ulike måtar å jobbe med repetert lesing, sjå vedlegg.

Det er viktig at ein har eit tett samarbeid med dei føresette slik at dei følgjer opp lesinga heime.

## 2. Arbeid med stavingar, døme på oppgåver

### a. Lesing med stavingar

- Vokalane overlærast (Vokalsongen, vedlegg 2)
- Lære reglane grundig (vedlegg 1)
- Vi jobbar med lange ord frå teksten på denne måten; set strek under vokalane og deler inn i stavingar.

Familien

- Vi analyserer ord frå teksten nøyaktig i eit skjema med gittermønster (vedlegg 3), der v står for vokal (diftong går også inn her ) og k for konsonant. Det er ikkje alle ord som passar inn i skjemaet, så her bør lærar styre prosessen:

Ord med ein eller fleire stavingar																						
Ord med ei staving og minst tre bokstavar							Ord med to stavingar og minst fem bokstavar															
1	for						6	blåse														
2	dag						7	hytta														
3	skin						8	båten														
4	ein						9	kjører														
5	stad						10	staden														
	k	k	k	v	k	k	k	k	v	k	k	k	v	k	k	v	k	v	k	k	v	k
1			f	o	r			6						b	l	å	s	e				
2			d	a	g			7					h	y	t	t	a					
3		s	k	i	n			8							b	å	t	e	n			
4				ei	n			9							k	j	ø	r	e	r		
5		s	t	a	d			10							s	t	a	d	e	n		

### b. Elevane skriv setningar frå lesestykket inn i stavingskjemaet (vedlegg 4) slik:

	1.staving	2.staving	3.staving	4.staving
Heile	hei	le		
familien	fa	mi	li	en
Hansen	han	sen		
er	er			
på	på			
ferie	fe	ri	e	

### c. Puslehistorie

1. Vel ut ein del av teksten, til dømes dei tre-fire siste setningane.
2. Eleven finn vokalane og markerer dei.
3. Stavingane markerast.
4. Les teksten med vekt på stavingane. Legg så teksten til side.
5. Eleven klipper stavingane frå kvarandre. (Lærar har laga teksten med stavingsbrikker på førehand.
6. Eleven legg stavingane i kolonnar; Første staving til venstre, så kjem midtstavingane og til slutt endestavingane. Teikn skal leggjast i ein kolonne for seg.
7. Eleven går til teksten og les ein sekvens godt. Han går tilbake til stavingane og bygger teksten opp med dei. Han går berre tilbake og sjekkar teksten når det er heilt nødvendig.
8. Når heile teksten er bygd opp, les eleven teksten på nytt.
9. Til slutt skriv eleven "puslehistorien" som hentediktat. Det vil sei at han les ein og ein sekvens godt og går til eit anna bord og skriv han. Lærar understrekar at eleven skal prøve å unngå å gå tilbake til teksten for å sjekke.

### d. Lytte ut stavingane

Vel eit langt ord frå teksten, døme: skiutstyret

1. Kor mange stavingar (klapp) har ordet? 4
2. Læraren skriv ordet etter kvart som eleven finn delane: Kva er den første stavingen?  
Ski    Den andre? ut    Den tredje: styr    Den fjerde: et

### 3. Høgfrekvente småord

Kvar elev har ark/konvoluttord/lesekinno med høgfrekvente småord dei trenar på heime. (**Repetert lesing 3** -300 vanlegaste ord, lydar og lydsamband, Arbeid med ord) Lærar høyrer elevane i småorda kvar dag. Etter kvart som dei kan orda, blir dei bytta ut med nye.

### 4. Lage fleire setningar med dei same orda

Døme:

Heile familien Hansen er på ferie.




Er heile familien Hansen på ferie?

På ferie er heile familien Hansen.

### 5. Ord med konsonantopphopingar

Vi plukkar ord frå teksten som byrjar på to eller fleire konsonantar som eleven set inn i silhuettar/tome bokstavkort som syner silhuetten av ordet.

Døme:



Eleven set orda *dra*, *blåse* og *klarar* inn i rett silhuett.

Dette er også ei fin øving for dei elevane som les første del av ordet og gjettar resten; dei kompensatoriske lesarane.

## 6. Ordanalyseskjema

Elevane finn ord frå teksten og plasserer dei i rett kolonne i ordanalyseskjemaet (vedlegg 5). Lydrette ord i kolonne A, ikkje lydrette ord i kolonne B. I kolonne C noterer eleven kva som gjer dei ikkje lydrette orda vanskelege.

Døme:

A Ord som blir skrivne slik vi seier dei, lydrette ord:	B Ord som blir skrivne annleis enn vi seier:	C Kva var vanskeleg med dette ordet:
dag	kjøkken	kj
familien	stad	d
på	skin	sk

## 7. Syntese av ord

Munnleg.

Døme: Kva for ord får eg når eg seier: h – e – i – l – e. osb.

## 8. Morfemarbeid

a) Finne ord i ord. Vi finn ord i teksten.

Døme: Kor mange ord finn du i ordet *ferie* og *bestemmer*:

Eleven skriv orda ned:

ferie: fe, ri, er, rie

bestemmer: be, ste, temme, mer, er

b) Lag samansette ord med utgangspunkt i eit rotmorfem.

Døme: *fisk*

fisketur

fiskebåt

fiskestong

fiskesnøre

fiskemiddag

c) Finn substantiv i teksten. Finn bøyingsendingane:

Døme:

familie, famili-**en**, famili-**ar**, famili-**ane**

ferie, feri-**en**, feri-**ar**, feri-**ane**

båt, båt-**en**, båt-**ar**, båt-**ane**

Her kan elevane setje orda inn i eit bøyings skjema for substantiv (ubunden og bunden form i eintal og fleirtal), dersom dei er klare for det.

### Utdyping av Fase 3

#### Eleven les teksten med fokus på sjølvstendig og flytande lesing.

Observasjon og spørsmålsstilling:

- Meistrar eleven nå det han har lært i fase 2 utan støtte frå lærar? Gjer han ikkje det, har teksten og oppgåvene vore for vanskelege.
- Les eleven nå sikrere og med betre leseflyt? Kvifor?  
Ha ein samtale med elevane rundt dette som går på kva for strategiar frå fase 2 som har vore nyttige i prosessen.
- Kva vart betre nå samanlikna med den første gongen dei las teksten? Kvifor?
- Kva er framleis vanskeleg?  
Kvifor?

Målet er at eleven får større innsikt i eiga leseutvikling og korleis detaljarbeidet i fase 2 fører til sikrere lesing i fase 3. Eleven får større kjennskap til eiga lesing og kva for utfordringar han står ovanfor. Dette kan hjelpe til at den store arbeidsinnsatsen som må til kan gå lettare.

#### Ulike arbeidsoppgåver med utgangspunkt i teksten

Til slutt får eleven oppgåver der han får vist om han klarer å samordne det lesetekniske med gode forståingsprosessar.

- a) Skriv orda på rett plass i teksten
- b) Svare på spørsmål frå innhaldet i teksten
- c) Skrive setningar rett

(Sjå døme på oppgåver i *Repetert lesing 1, Arbeid med ord.*)

Lenke til oversiktleg Power Point om korleis jobbe etter heilskapleg lesing  
[http://www.haugalandsloftet.no/wp-content/uploads/2014/09/Spesialpedagogisk-  
leseopplaering-lesekurs-etter-Helhetsmetoden-2014.pptx](http://www.haugalandsloftet.no/wp-content/uploads/2014/09/Spesialpedagogisk-leseopplaering-lesekurs-etter-Helhetsmetoden-2014.pptx)

## REGLAR FOR DELING AV STAVINGAR

1. Lær vokalane!
2. Dersom det er konsonant mellom to vokalar, går denne til bakerste staving:

**bo – ka**

3. Dersom det er to konsonantar mellom to vokalar, skal vokalane ha kvar sin konsonant:

**vek – ke    hik – ke**

4. Dersom det er fleire konsonantar mellom to vokalar, skal den siste ha flest:

**gan – ske**



# VOKALSONGEN

Melodi: LABBETUSSEMANN

A, e, i, o, u, y, æ, ø, å

A, e, i, o, u, y, æ, ø, å

Vokalane må  
me alltid passe på  
når me skal dele ord  
og telje stavingar.

Ord med ei eller fleire stavingar																							
Ord med ei staving og minst tre bokstavar								Ord med ___ stavingar og minst ___ bokstavar															
1								6															
2								7															
3								8															
4								9															
5								10															
	k	k	k	v	k	k	k		k	v	k	k	k	v	k	k	v	k	v	k	k	v	k
1								6															
2								7															
3								8															
4								9															
5								10															

## Stavingskjema

	1.staving	2.staving	3.staving	4.staving

	1.staving	2.staving	3.staving	4.staving

**Ordanalyseskjema**


<b>A</b> Ord som blir skrive slik vi seier dei:	<b>B</b> Ord som blir skrive annleis enn vi seier:	<b>C</b> Kva var vanskeleg med dette ordet:

### Døme på repetert lesing:

#### 1.

- Eleven skal lese frå starten i 1 minutt og setje strek etter det siste ordet eller siste lyden han les.
- Prosedyren skal gjerast 3 gonger, les frå starten, i 1 minutt – set strek etter det siste ordet eller den siste lyden han les.
- Sjå på strekane som har blitt sett i teksten – kor mykje lengre har eleven kome for kvar gong?

Elevane lagar eit lite stolpediagram i boka si, som tydeleg viser progresjonen (vis på tavla). Første gongen las eleven kanskje 20 ord, andre gongen kanskje 30 ord, siste gongen kanskje 45 ord.



#### 2.

Bruk t.d. eit ark med 100 ord frå Repetert lesing 3. Sit saman to og to. Her skal de byte på å lese høgt så mange ord de kan på eitt minutt. Set ein strek under det siste ordet de las. Les fire gonger kvar.

Bruk ny farge på blyanten for kvar gong.

#### 3.

Eleven les ein tekst høgt for læraren. Læraren tek tida og skriv ned orda som blir lese feil. Gå gjennom orda med eleven. Eleven les teksten ein gong til. Ny tidtaking og gjennomgang av feil lese ord. Vart det færre? Eleven les teksten ein siste gong. Ei siste tidtaking og gjennomgang av feil lese ord. Lag eit diagram over kor fort eleven las og tal på ord eleven las feil, slik at eleven ser sin eigen framgang.

## Litteraturliste, pr. 01.06.18:

- Allard, Birgitta, Margret Rudqvist og Bo Sundblad (2006). *Den nye LUS-boken. En bok om leseutvikling*. Cappelen Akademisk forlag
- Allard, Birgitta m.fl. (2003). *Leseutvikling. Nytt leseutviklingsprogram for den første lese- og skriveopplæringen*. Cappelen Akademisk forlag
- Anmarkrud, Øistein og Refsahl, Vigdis (2010). *Gode lesestrategier på mellomtrinnet*. Cappelen akademiske forlag.
- Armstrong, Thomas (2005). *Mange intelligenser i lesing og skriving*. Abstrakt forlag
- Bele, Irene Velsvik (2008). *Språkvansker. Teoretiske perspektiver og praktiske utfordringer*. Cappelen Akademisk Forlag
- Bjerre, Anne Marie og Jesper Friis (2002). *Nei farfar! For vi børnestaver...* Alinea, Lyst og Læring
- Bjerre, Anne Marie og Jesper Friis (2004). *Børnestavning – hva så?* Alinea, Lyst og læring
- Bjorvand, Agnes-Margrethe og Elise Seip Tønnesen (2002). *Den andre leseopplæringa. Utvikling av lesekompetanse hos barn og unge*. Universitetsforlaget
- Bråten, Ivar (red.) (2007). *Leseforståelse*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Eik, Liv Torunn (red.) (2000). *Storyline, tverrfaglig tilnærming til aktiv læring*. Tano Aschehoug
- Einseth, Anders (red.) (2008). *Lese- og skrivevansker. Metode og teori*. PEDLEX Norsk Skoleinformasjon
- Elvemo, Jarle (2000): *Lese- og skrivevansker. Teori, diagnose og metoder*. Fagbokforlaget
- Engen, Liv (2003). *Foreldrenes ABC. Hvordan stimulere barns leseglede og skrive lyst*. DAMM
- Engen, Liv (2002). *Lærerens ABC. Håndbok i lese- og skriveopplæring*. Damm forlag.
- Ervik, Ann Britt (2002): *Leik i norskfaget*. Idébok for mellomsteget. Samlaget
- Espenakk, Unni m.fl. (2007). *Språkveilederen*. Bretvedt kompetansesenter.
- Fløgstad, Tom Rune og Grete Helle (2007): *Helhetlig skoleutvikling – Frå kenguruskole til lærende organisasjon*. Kommuneforlaget
- Fløgstad, Tom Rune og Grete Helle (2007) *Helhetlig skoleutvikling - Læringsstrategier og utviklingsverktøy*. Kommuneforlaget
- Fredheim, Gerd (2008): *At læse for at lære. En praksisbok i læringsarbeidet*. Gyldendal
- Frost, Jørgen (1999). *Lesepraksis – på teoretisk grunnlag*. Cappelen Akademisk Forlag
- Frost, Jørgen (2003). *Prinsipper for god leseopplæring. Innføring i den første lese- og skriveopplæringen*. Cappelen Akademisk Forlag
- Frost, Jørgen (2007). *Artikkel 10. Å gjøre tilpasset opplæring tilpasset. I: Vold, Elin Kragset (red.) (2007). Vi har prøvd alt! Systemblikk på pedagogiske utfordringer. En artikkelsamling om tilpasset opplæring, inkludering og atferd i skolen*. Statped. skriftserier nr.55

- Frost, Jørgen (red.) (2009). *Språk- og leseveiledning – i teori og praksis*. Cappelen Akademisk Forlag
- Gabrielsen, Egil m.fl. (2003). *Lese- og skriveutvikling. Fokus på grunnleggende ferdigheter*. Gyldendal Akademisk forlag
- Godøy, Oddhild R. m.fl. (2005): *Leseveilederen*. Bredtvet kompetansesenter og Dysleksiforbundet
- Godøy, Oddhild og May Britt Monsrud (2008). *Spesialpedagogisk leseopplæring – en veileder*. Bredtvet kompetansesenter
- Hagtvet, Bente E., Jørgen Frost og Vigdis Refsahl (2014): *Den intensive leseopplæringen*. Cappelen Damm Akademisk
- Helland, Turid (2012). *Språk og dysleksi*. Fagbokforlaget
- Hole, Kari (2003). *Læringsstrategier i tilpasset opplæring*. InfoVest Forlag
- Hole, Kari (2003). *Bruk av læringsstrategier for elever med ulike lærevansker*. InfoVest Forlag
- Håland, Anne (2016). *Skrivedidaktikk. Korleis støtte elevane si skriving i alle fag*. Universitetsforlaget
- Klinkenberg, Jan Erik (2005). *Å bedre barns leseflyt. 27 varianter av repetert lesing*.
- Kulbrandstad, Lise Iversen (2003). *Lesing i utvikling. Teoretiske og didaktiske perspektiver*. Fagbokforlaget
- Kverndokken, Kåre (2012). *101 måter å lese leseleksa på*. Fagbokforlaget
- "Lesekassetten"** frå Lesesenteret (2008). Universitetet i Stavanger.  
 Dei ulike hefta:  
*Lesing er...*  
*Leik og læring. Grunnleggjande lese- og skriveopplæring på 1.trinn*  
*Ny start for skriftspråklig utvikling*  
*Bok i bruk på første til fjerde trinn*  
*Bok i bruk på femte til sjuende trinn*  
*Bok i bruk på åttande til tiande trinn*  
*Fagbok i bruk*  
*Perlejakten – på sporet av gode leseprosjekter i skolen*  
*Gutter og lesing – lesevaner, lesetips, nye medier*  
*Lese- og skrivevansker. Frå teori til IKT-baserte tiltak*  
*Lesing på skjerm*
- Lundberg, Barbro, Hanne Myrvold og Birgit Stallemo (2007). *Tekstsamling 6*
- Lundberg, Barbro, Hanne Myrvold og Birgit Stallemo (2007). *Inn i teksten 6*
- Lundberg, Ingvar og Katarina Herrlin (2008). *God leseutvikling. Kartlegging og øvelser*. Cappelen Forlag.
- Lundberg, Ingvar (2009). *God skriveutvikling. Kartlegging og undervisning*. Cappelen Forlag
- Læreplanverket for kunnskapsløftet*. Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet
- Løken, Knut Anders (2008) *Min lesekamerat*. Morsomme leseøvingar for barn og foreldre. Undrercover

- Refsahl, Vigdis (2012) *Når lesing er vanskelig: Leseopplæring på grunnleggende nivåer for unge og voksne*. Akademika
- Ryen, Jostein (2008) *Min lesetrener. Metoder for lesetrening i alle fag*. Undercover Forlag
- Salen, Gerd B. (2003) *Lese- og skriveopplæring i grunnskolen. Kvalitets sikring av ferdigheter*. Universitetsforlaget
- Santa, Carol (1996). *Lære å Lære. Prosjektet CRISS. CReasting Independence through Student-ownes Strategies. Norsk utgave..* Stiftelsen Dysleksiforskning
- Santa, Carol (1999). *Lære å lese. Innføring i Early Steps metoden*. Stiftelsen Dysleksiforskning.
- (Skjelbred, Dagrun) (2003). *Å lese for livet. Barn lærer å lese*. Cappelen Akademisk Forlag
- Stuestøl, Liv Carolina (2002). *Lesesiesta. Et enkelt og effektivt lesestimuleringstiltak*. DAMM
- Sæverud, Olaug, Bente Ursin Forseth, Ernst Ottem og Fanny Platou (2011). *En veileder i begrepslæring*. Statped
- Trageton, Arne (?). *Skriv på PC – lær å lese! 1.-4.klasse*. PEDLEX
- Trageton, Arne (2003). *Å skrive seg til lesing. IKT i småskolen*. Universitetsforlaget
- Traavik, Hilde m.fl. (2003). *Skrive- og lesestart. Skriftspråkutvikling i førskole- og småskolealder. Teori og metoder*. Fagbokforlaget
- Vold, Elin Kragset (red.) (2007). *Vi har prøvd alt! Systemblikk på pedagogiske utfordringer. En artikkelsamling om tilpasset opplæring, inkludering og atferd i skolen*. Statped. skriftserier nr.55
- Wold, Astrid Heen (red.) (1996). *Skriftspråkutvikling. Om hvordan barn lærer å lese og skrive*. Cappelen Akademisk forlag

## Oversikt over aktuelle nettstader, Pr. 19.01.2018:

### Faglege nettstader:

Lesesenteret: <http://lesesenteret.uis.no/>

Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/>

Språkrådet – oversikt over språksider: [http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Andre\\_spraaksider/](http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Andre_spraaksider/)

Nynorsksenteret: <http://www.nynorsksenteret.no/>

Språkløyper. Lesesenteret/skrivesenteret: <http://sprakloyper.uis.no//>

### Lese- og skrivetips:

Foreningen les! sine ungdomssider: <http://www.txt.no/>

Barnebokinstituttet: <http://www.barnebokinstituttet.no/>

Leser søker bok: <http://www.boksok.no/>

Barnebokkritikk: <http://www.barnebokkritikk.no/>

Leksehjelp ”Puggandplay”: <http://www.puggandplay.com/presentation/norwegianquest.asp#>

Nynorsksenteret: <http://www.nynorsksenteret.no/>

Pirion – kulturnytt på nynorsk for barnehagar og skular: [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

Språkrådet - skulesider: <http://www.sprakradet.no/Tema/Skole/>

Tunkatten – Språk og songtips, nynorsk: <http://www.tunkatten.no>

Lesesenteret – intensiv lesetrening: <http://lesesenteret.uis.no/lese-og-skrivevansker/tiltak/undervisningsopplegg-ny-lesehoest-article80148-12699.html>